

# Merknadshandsaming i samband med kommuneplanen sin arealdel i Austrheim kommune 2016-2026

Dato: 24.10.2016

## Informasjon om planprosessen så langt:

### Kommuneplanen –Offentleg ettersyn:

Kommuneplanen som var på offentlig ettersyn våren 2016 kan du lesa i Austrheim kommune sitt planregister under **Braplan med arealplanid. 2013001**. Du skriv *kommunenamn* og så arealplanid *2013001* i feltet. Trykk på «*Dokumenter*» så kjem alle dokumenter opp. Her finn du Føresegner under «*Bestemmelser*», planskildring under «*Beskrivelse*» og *Arealplankart* og kommune ROS-Austrheim under *Rapport*. Her står og dei politiske vedtak som er gjort i saka.

### Om merknadane:

Frist for merknadar til kommuneplanen sin arealdel vart sett til 1. juli 2016. Nokre fekk utsatt frist, andre fekk ikkje med seg fristen. Me har vald å ta alle merknadar med i planprosessen vidare og alle er vorte handsama i dette dokumentet. Ein merknad kan ha med mange ulike tema og synspunkt.

Motsegn er kome frå Hordaland Fylkeskommune. Det betyr at me må endra planen eller ha drøftingsmøte før kommuneplanen kan godkjennast slik den ligg føre. Dialogmøte er halde med Fylkesmannen i Hordaland i august 2016. Deira uttale er basert på semje om at kommuneplanen sin arealdel vert sendt ut til andre gongs offentlig ettersyn.

Det kom inn 29 private merknadar (privatpersonar, organisasjonar og verksemder).

Det kom inn 6 merknadar frå offentlege instansar.

### Innsyn i merknadane:

Alle merknadane kan du sjå på Austrheim kommune si heimeside; *Postliste og Innsyn*, Så klikk på «*Søk etter arkivsak*». Så søk på *Saksnummer*: skriv inn: *16/520*. Så klikk på «*Søk*» Då finn du: «*16/520 Merknad/innspeil til arealdel kommuneplanen 2016-2027*» Den klikkar du på, alle merknadar finn du her. Ta gjerne kontakt med servicekontoret eller sakshandsamar Asbjørn Nagell Toft (56162141).

### Merknadshandsaming:

Merknadane er handsama med merknadsdato, namn på den som sender merknaden, grunngeving/innhald, høringskartet som var på offentlig ettersyn i gjeldane område merknaden gjeld for, grunnkart/fotokart over området, fotokart og anna naudsynt foto/kart informasjon i merknaden. Til slutt under kvar merknad er det gjort ein vurdering av merknaden og med konklusjon frå administrasjonen om me bør endra planen eller ikkje etter merknadshandsaminga. Til slutt i dette skrevet er det ei kronologisk liste over konklusjonane frå Austrheim kommune sin administrasjon «*Oversikt på konklusjonane frå merknadshandsaminga*».

## **Private merknadar:**

1. Eva Beate Langøy.
2. Atle Børsheim.
3. Blom Fiskeoppdrett AS.
4. Trond Ove Lerøy.
5. Geir Daae m.fl.
6. Kjell Dahle.
7. Kari og Terje Utkilen.
8. Stein Tvedt.
9. Mikal Krossøy.
10. Astrid og Bernhard Austrheim.
11. Norvald Rikstad.
12. Odd Haugen.
13. Odd Haugen.
14. Terje Stevnebø.
15. Marit Hatlem.
16. Aksel Hatlem
17. Per Lerøy.
18. Per Lerøy.
19. Siv Marit Saue og Bård Bolstad.
20. Lingalaks AS.
21. Trond Kaland.
22. Kobbevik og Furuholmen Oppdrett AS.
23. Walther Kaland.
24. Atle Utkilen.
25. Cecilie Fønnes.
26. Naturvernforbundet.
27. Kai Arild Kaland.
28. Morten Ragnvaldsen. (etter frist)
29. Fiskarlaget Vest. (utsatt frist)

## **Offentlege merknadar:**

1. Bergen og Omland Hamnevesen.
2. Kystverket Vest.
3. Hordaland Fylkeskommune.
4. Fiskeridirektoratet.
5. Statens vegvesen, Region vest.
6. Fylkesmannen i Hordaland. (utsatt frist)

## Private merknadar:

### Merknad:


Dato 01.07.2016

**1.Eva Beate Langøy.** Advokatfirma Harris skriv på vegne av eigar av gbnr. 166/10 forslag på at arealbruken på denne eigedommen på om lag 1,1, dekar bør vera naustformål. Det er uthus/naust, båt plassar og kai her frå før. Tidlegare var det ein tangfabrikk på eigedommen, det gjer at store deler av området er planert. Dei skriv vidare at:

<b>Begrunnelse</b>	<p>Neset benyttes allerede i dag til naustformål, da det er etablert naust, kai og båt plasser på eiendommen. Store deler av eiendommen er planert. Spor etter den gamle tangfabrikken kan fortsatt ses på stedet.</p> <p>En utlegging av arealet til naustformål vil være i samsvar med etablert bruk, og vil, basert på aktuell og tidligere bruk, ikke innebære noen konflikt med landbruks-, natur eller friluftinteresser.</p> <p>Å legge ut arealet til naustformål vil gi bedre muligheter for tilgang til sjøen, som er av stor verdi for kommunens innbyggere.</p>
--------------------	---

Høyringskart:

Større utsnitt av høyringskart: (Særvøyna, nordaust)



## Innspel


### Forslag om endret arealformål.

Langøy ønsker å legge ut eiendommen til naustformål.

Eiendommen er allerede bebygd med et uthus/naust og kai. Tidligere stor det en tangfabrikk på eiendommen (plassering markert med pil), som er revet.



## Grunnkart



## Fotokart



## Vurdering:

Det er foretting i eksisterande kai- og naustområde nordaust på Sævrøyna det her er planar om. På høyringskartet er området avsett til SB24 (LNFR-areal med spreidd bustadbygging (SB)). Det er bygg, veg, kai og lagring- og parkeringsplass her i dag. Merknaden har ingen uheldige påverknad for tema i KU vurderingane som landskap, friluftsliv, naturmangfald, landbruk, helse, kulturminne og

kulturmiljø, risiko og sårbarhet, miljø og klima, born og unge, strandsone, samfunnsmessige høve. Sakshandsamar synes merknadsforslaget difor er ein fornuftig arealbruk. Den funksjonelle strandsonegrensa er i samsvar med dette arealformålet. Me tek merkna den til etterretning og legg det ut til naustformål (Andre typar bygningar og anlegg (NA - Naust)). Det er og naturleg å leggja til rette for arealformål småbåthamn (SM - Småbåthamn, FL - Flytebrygger/fellesanl.) her.

**Kartet som vert avsett til naustområde kan sjå om lag slik ut:**



**Konklusjon:** Det vert sett av eit mindre Naustområde på land og småbåthamn i sjø nordaust på Sævrøyna i arealdelen til kommuneplanen.

## Merknad:

**Dato 10.05.2016**

**2. Atle Børshem.** Han ynskjer areal avsett til nausttomtar i Førlandsvågen på bruk gbnr. 151/4. Det ligg naust/nausttomtar her frå før skriv han. Han ynskjer og felles flytebryggjer på fellesarealet her mot grensa til Litleindås, men og ein slipp som ålmenta kan nytte.

Høyringskart:

Større utsnitt av høyringskart: Førlandsvågen





Innspel



Grunnkart



Fotokart



### Vurdering:

Det er foretting i eksisterande naustområde i Førlandsvågen det her er planar om. Det er veg og parkeringsplass her i dag. Merknaden har ingen uheldige påverknad for tema i KU vurderingane som landskap, friluftsliv, naturmangfald, landbruk, helse, kulturminne og kulturmiljø, risiko og sårbarhet, miljø og klima, born og unge, strandzone, samfunnsmessige høve. Sakshandsamar synes difor dette er fornuftig arealbruk. Den funksjonelle strandsonengrensa vert trekt ned i samsvar med dette. Me tek merknaden til etterretning.


**Konklusjon:** Det vert sett av eit mindre Naustområde med felles småbåthamn og slipp i Førlandsvågen i arealdelen til kommuneplanen.

### Merknad:


Dato 14.05.2016

**3. Blom Fiskeoppdrett AS.** Dei ynskjer at areal avsett til fiskeoppdrett ved Allersholmen (AK 03) skal verta verande i kommuneplanen sin arealdel. Dei ber og om at området vert vurdert utvida i tråd med deira planar og koordinatfesta ytterpunkt.

Høyringskart:



Større utsnitt av høyringskart: Vest for Dyrneset



**Vurdering:**

Det er ingen vesentleg påverknad for tema i KU vurderingane som, landbruk, helse, kulturminne og kulturmiljø, risiko og sårbarhet, klima, born og unge, strandsone eller samfunnmessige høve. Det er vesentleg ulempe for landskap, friluftsliv, naturmangfald og miljø, men sidan arealbruken i sjøen best for Dyrneset vert uendra er det ikkje naturleg å vektleggja det i denne saka. Sakshandsamar synes difor det er fornuftig arealbruk å ta inn at AK området og justera det i samsvar med innspel. Me tek difor merknaden til etterretning. Det såleis ein naturleg bruk og utvikling av eit i eksisterande AK område. Det er positivt for næringslivet som har planar for denne lokaliteten.

**Konklusjon:** Det vert ved Allersholmen i sjøen vest for Dyrneset i omsøkt område sett av eit AK område i arealdelen til kommuneplanen.



## Merknad:

Dato 28.06.2016

**4. Trond Ove Lerøy.** Han ynskjer areal på sin eigedom på gbnr. 158/1 som er avsett til LNF område på Lerøy skal avsettast til LNF område der spreidd bustadutbygging kan tillatast. Han vedlegg også eit skriv datert 4. mai 2005.

Høyringskart:


Større utsnitt av høyringskart: Lerøyna



Innsjøl

Grunnkart


Fotokart





Har siden 2006 bedt om at dette arealet som er skravert blir tatt inn i Kommune plan som areal LNF-areal med spredd bustadbygging (SB), har gjennomført telefonsamtaler og sendt inn forslag til Kommunen gjentatte ganger og fortsatt er det ikke kommet med, istedenfor så er arealet skrumpt inn i forholdt til forrige plan, gården som min familie eier har da ingen tomter disponibel for eventuell barn som ønsker å bygge på Lerøy, vennligst se saksbehandling i vedlegg.

Mvh Trond Ove Lerøy



#### Vurdering:

Det er vesentleg påverknad for tema i KU vurderingane som landbruk, helse, kulturminne og kulturmiljø, risiko og sårbarhet, miljø og klima, born og unge, strandsone og samfunnsmessige høve om ein tek omsyn til denne merknaden. Det er og vesentleg ulempe for landskap, friluftsliv, naturmangfald og miljø om arealbruken vert endra på Lerøyna slik søkjar ynskjer. Det er plass til spreidde bustadar på Lerøy i kommuneplanen sin arealdel som var på offentleg ettersyn, det gjeld også på denne eigedomen her. Det er uheldig å redusera meir det samanhengande landskapet i dette LNF området og strandsona i dette området. Privatisering av strandsona kan verta uheldig resultat her ved meir spreidd bustadutbygging her mot sjøen og i LNF-området. Sakshandsamar synes det er fornuftig arealbruk halda på kommuneplanen sin arealdel slik den var lagt ut på Lerøy. Det er grundig vurdert i KU under arealinnspeil/tiltak nr. 6. LNF område der spreidd bustadutbygging kan tillatast på Lerøyna vert ikkje endra. Me tek merknaden til orientering.

**Konklusjon:** På Lerøyna vert arealdelen til kommuneplanen uendra i dette LNF-området.

## Merknad:



Dato 22.05.2016

**5. Geir Daae m.fl.** Dei som bur i dette bustadfeltet har merknad til Konsekvensutredning/ROS analyse for arealinnspeil nr.19. Dei ynskjer at areal på eigedom gbnr. 147/6 skal avsettast til Naustområde i Kvalvågen. Dei meiner at det er eit eksisterande naustmiljø her kan fortettast med fem naust og med veg fram. Dei ynskjer naustområdet opent for ålmenta. Dei meiner at tiltaket ikkje er uheldig for fiskeinteresser eller for rekreasjon/bading i området.

Høyringskart:

Større utsnitt av høyringskart:


Toftegård i Makrelvågen



Innspeil

Grunnkart

Fotokart



## Vurdering:

Det er ingen vesentleg påverknad for tema i KU vurderingane som landbruk, helse, kulturminne og kulturmiljø, risiko og sårbarhet, miljø og klima, born og unge, strandsone og samfunnsmessige høve om ein tek omsyn til denne merknaden på Toftegård i Makrellvågen.

Det er heller ingen vesentleg ulempe for landskap, friluftsliv, naturmangfald og miljø om arealbruken vert endra her slik søkjar ynskjer. Det er plass til fem nye naust ved eksisterande naustområde her. Dette spørsmålet vart grundig vurdert i KU under arealinnspel/tiltak nr. 19, men når me les marknaden og grunngevinga frå søkjar her så synes me det er naturleg å ta merknaden til etterretning. Kommuneplanen sin arealdel som var på offentlig ettersyn bør endrast når det gjeld denne eigedomen her. I reguleringsplanen her er dette strandområdet avsett til friluftsområde i land og sjø. Detaljreguleringa her vart godkjent den 15.05.2012. Det kan byggjast fleire naust i eksisterande naustområde. Dette gjev tilgang til sjø for dei som bur i området. Det kan verta uheldig konsekvens for fiske i kaste- og låssettingsplassen i Makrellvågen. Privatisering av strandsona kan og verta uheldig resultat ved fleire naust her, men med reguleringsplan eller å setja vilkår i byggesaka kan me unngå dette. Sakshandsamar synes det er fornuftig arealbruk å setja av eit mindre naustområde her.

**Konklusjon:** Arealdelen til kommuneplanen vert endra i dette området frå LNF-område til Naustområde i Makrellvågen på Toftegård slik at det vert plass til maksimum fem nye naust her.


## Merknad:

Dato 07.10.2015 og 03.06.2016

**6. Kjell Dahle.** Han ynskjer detaljregulering av eit større område i Mastrevik for å avvega ulike interesser her. Han meiner det bur vera like fargar på B07 og B08, visast som noverande bustadar. Han ynskjer friområde i staden for LNFR nord for område B07. Dahle ynskjer omlegging av kommunal veg ved Austrheim vidaregåande skule og ved eksisterande bustadar i området. Han ynskjer teneleg friområde på arealet kommunen eig her. Dette til offentlig bading og areal i sjø for småbåtar. Område til næingsareal og til den vidaregåande skulen bør og koma på plass her. Han har lagt ved to ulike skisser som viser korleis området kan nyttast. Dahle har og forslag til reguleringsgrense.

**Høyringskart:**

**Større utsnitt av høyringskart: Mastrevikane**






Innspel på grunnkart over korleis ein kan planleggja området (to alternative løysingar)



Forslag til reguleringsgrense frå Kjell Dahle:

Fotokart



### Vurdering:

Det er i Mastrevikane ingen vesentleg påverknad for tema i KU vurderingane som landbruk, helse, kulturminne og kulturmiljø, risiko og sårbarhet, miljø og klima, born og unge, strandsone og samfunnsmessige høve om ein tek omsyn til denne merknaden. Det er heller ingen vesentleg ulempe for landskap, friluftsliv, naturmangfald og miljø om arealbruken vert endra her slik søkjar ynskjer. Når me les marknaden og grunngevinga frå søkjar her, så synes me det er naturleg å ta merknaden til etterretning. Sakshandsamar synes difor det er fornuftig arealbruk å detaljregulera dette området. Kommuneplanen sin arealdel som var på offentlig ettersyn bør endrast frå LNF-område til friområde i område nord for B07 slik Dahle ynskjer. Om det er mørkt eller lys gult bustadområde betyr ingenting i forhold til reguleringsplan som må lagast her.

**Konklusjon:** Arealdelen til kommuneplanen ved Mastrevikane vert endra nord for B07-området frå LNF-område til Friområde. Detaljreguleringsplan skal lagast her, det er med i forslaget til planstrategien til Austrheim kommune.




## Merknad:

Dato 03.06.2016

**7. Kari og Terje Utkilen.** Dei peiker på at det er lagt ut ei vik i arealdelen som badeområde på deira eigedom gbnr. 132/7. Dei meiner at dette er ein uegna badeplass, men det er ein god felles opptrekksplass for båtar i dag. Dei ynskjer å gjera denne båtopptrekksplassen heilt ferdig og fin.

Høyringskart:

Større utsnitt av høyringskart: Utkilen



Innspel

Grunnkart

Fotokart

VEDLAGT KART, RØD SONE



Innspill av 020414, pkt.7 132/7

Ber om at det blir regulert til felles opptrekksplass for båtar på Utkilen. Minimale inngrep i terrenget, kun fylt ut med stein og ønske om fast dekke, tett ved vei. Helt i trå med sentrale signal om felles løsninger. Grunneier stiller gratis tomt til fellestiltaket, og den lille tilretteleggingen som må til blir gjort på dugnad.

Eineste opptrekksplassen på Utkilen vi vet om der vi kommer lett til fra eksisterende vei.

## Vurdering:

Det er ingen vesentleg påverknad for tema i KU vurderingane som landbruk, helse, kulturminne og kulturmiljø, risiko og sårbarhet, miljø og klima, born og unge, strandsone og samfunnsmessige høve om ein tek omsyn til denne merknaden på Utkilen. Det er heller ingen vesentleg ulempe for landskap, friluftsliv, naturmangfald og miljø sidan arealbruken vert uendra her slik søkjar opplyser. Når me les marknaden og grunngjevinga frå søkjar her så synes me det er naturleg å ta merknaden til etterretning. Kommuneplanen sin arealdel som var på offentleg ettersyn bør endrast i denne vika frå Friluftsområde i sjø til Småbåthamn. Då vert det mogeleg med båtopptrekk, flytebryggje mm. Den funksjonelle strandsona bør og utvidast noko her rundt denne vika. Det er positivt med båtopptrekk og plass til småbåtar her. Sakshandsamar ser ingen negative konsekvensar med å endra dette til småbåthamn og båtopptrekk slik bruken alt er i området.

**Konklusjon:** Arealdelen til kommuneplanen på Utkilen vert endra i dette området frå Friluftsområde i sjø til Småbåthamn. Den funksjonelle strandsona vert utvida noko rundt vika her.


## Merknad:

Dato 03.06.2016


**8. Stein Tvedt.** Han ynskjer at det kan koma ein ny arealplan vest i Bergsvika. Dette på eigedommane gbnr. 157/11, 12, 19, 51 og 87. Han ynskjer at området i arealdelen vert avsett til Naustområde med plass til mindre småbåtanlegg på utsida. Han refererer til KU, ref ID116. Han opplyser om at det er eldre og nyare naust her i dag, men og flytebryggjer og kaiar her. Skriva hans med kart til er elles datert 16.10.2015 og 08.10.2015.

Høyringskart:

Større utsnitt av høyringskart: Bergsvika (vest)



## Innspel og grunnkart



## Fotokart



## Vurdering:

Det er ingen vesentleg påverknad for tema i KU vurderingane som landbruk, helse, kulturminne og kulturmiljø, risiko og sårbarhet, miljø og klima, born og unge, strandsone og samfunnsmessige høve om ein tek omsyn til denne merknaden vest i Bergsvika. Merknaden har heller ingen vesentleg ulempe for landskap, friluftsliv, naturmangfald og miljø sidan arealbruken vert uendra her. Når me les marknaden og grunngjevinga frå søkjar her så synes me det er naturleg å ta merknaden til etterretning. Kommuneplanen sin arealdel som var på offentleg ettersyn bør endrast her frå SB17 til Naustområde og Småbåthamn. Då vert det og truleg mogeleg med båtopptrekk. Den funksjonelle strandsona bør og endrast i samsvar med dette. Det må stillast krav til at det vert utarbeida reguleringsplan i området for å avklara parkering, tilkomst, men og av omsyn til ålmenta og kulturminne i området. Det er positivt fleire naust og småbåthamn her, fortettingingsprinsippet vil fungera her. Sakshandsamar ser ingen negative konsekvensar med å endra dette til småbåthamn og naustområde slik bruken alt er i området.

**Konklusjon:** Arealdelen til kommuneplanen vest i Bergsvika vert endra i dette området frå SB 17 til Naustområde og i sjø til Småbåthamn slik innspelet på kart markert med gult omriss viser. Den funksjonelle strandsona vert utvida rundt vika.

## Merknad:

**Dato 11.07.2016**



**9. Mikal Krossøy.** Han og grunneigarane på Krossøy ynskjer at det skal setjast av i arealdelen eit område for naust og småbåthamn på sørsida av brua på Krossøy. Dette på eigedommane til gbnr. 164. Han skriv at området i arealdelen må ein setja denne staden til naustområde og til småbåtanlegg for å tiltrekka seg nye fastbuande til Krossøy. Han skriv at eksisterande hamn på vestsida ikkje har plass til nye brukarar. I tillegg er det fiskerihamn og offentleg kai her. Staden som er



tenk til dette arealføremålet er ein gamal båtplass. Den staden eignar seg ikkje til bading eller fiskeplass. Han meiner at denne staden er den einaste som kan leggast til rette med akseptabel kostnad. Veg må og på plass i planen hit, skriv han. Krossøy skriv at «Me kan heller ikkje sjå at båtplass og naust vil ha negativ verknad på landskapet og tilkomsten til Krossøy.»

Høyringskart:

Større utsnitt av høyringskart: Krossøy (søraust)



Innspeil (farge ved vik)

Grunnkart

Fotokart



### Vurdering:

Det er ingen vesentleg påverknad for tema i KU vurderingane med nr 54 og 69 under tema landbruk, helse, kulturminne og kulturmiljø, risiko og sårbarhet, miljø og klima, born og unge, strandsone og samfunnsmessige høve om ein tek omsyn til denne merknaden på Krossøy. Merknaden har heller ingen vesentleg ulempe for landskap, friluftsliv, naturmangfald og miljø om arealbruken vert endra her. Då vert det og truleg mogeleg med båtopptrekk her. Den funksjonelle strandsona bør og endrast i samsvar med dette. Det må stillast krav til at det vert utarbeida reguleringsplan i området for å avklara parkering, tilkomst, men og av omsyn til ålmenta og landskapet i området. Det er positivt med naust og småbåthamn til nye innbyggjarar på Krossøy. Sakshandsamar ser at det er negative konsekvensar for landskapet med å endra dette urørte strandområdet til småbåthamn og naustområde. Når me les marknaden og grunngevinga frå søkjar her så synes me det er naturleg å ta marknaden til etterretning. Kommuneplanen sin arealdel som var på offentlig ettersyn bør endrast her frå LNF til Naustområde og Småbåthamn i omsøkt strandområde.



**Konklusjon:** Arealdelen til kommuneplanen i eit lite område søraust på Krossøy vert endra frå LNF-område til Småbåthamn og Naustområde. Den funksjonelle strandsona vert utvida rundt vika her.


## Merknad:

Dato 20.06.2016

**10. Astrid og Bernhard Austrheim.** Dei ynskjer at det skal setjast av i arealdelen eit område for naustområde der dei har ein naustrett. Deira eigedom gbnr. 156/271 har ein naustrett på eigedom gbnr. 156/7. Denne retten vart stadfesta i Fylkesmannen sitt endelege vedtak den 13.01.2010.

Høyringskart:


Større utsnitt av høyringskart: Austrheimsvågen



Innspeil

Grunnkart


Fotokart



## Vurdering:

Det er ingen vesentleg påverknad for tema i KU vurderingane under tema landbruk, helse, kulturminne og kulturmiljø, risiko og sårbarhet, miljø og klima, born og unge, strandsona og samfunnsmessige høve om ein tek omsyn til denne merknaden i Austrheimsvågen. Det er heller ingen vesentleg ulempe for landskap, friluftsliv, naturmangfald og miljø sidan arealbruken vert

uendra her. Når me les marknaden og grunningjevinga frå søkjar her så synes me det er naturleg å ta marknaden til etterretning. Kommuneplanen sin arealdel som var på offentlig ettersyn bør endrast her frå SBN6 til Naustområde i dette området. Den funksjonelle strandsona bør og endrast i samsvar med dette rundt dette eksisterande naustområdet der nye naust kan byggjast. Kartskisse under viser korleis dette kan gjerast i Austrheimsvågen:



Det er positivt med fleire naust for innbyggjarar som bur her og som har rett til dette etter nyare handsaming i lovverket. Sakshandsamar ser ingen negative konsekvensar med å fortetta dette naustområdet med nokre fleire naust. Sjå og merknad 11, dette er i same området.

**Konklusjon:** Arealdelen til kommuneplanen i Austrheimsvågen vert endra i dette området frå LNF til Naustområde. Den funksjonelle strandsona vert utvida rundt vika her.


## Merknad:

Dato 22.06.2016

**11. Norvald Rikstad.** Dei ynskjer at det skal setjast av i arealdelen eit område for naustområde der dei har ein frådelt naustomt. Deira eigedom her er gbnr. 156/126. Han skriv at det er eit etablert naustområde/naustmiljø her i Austrheimsvågen. Sjå og merknad 10, dette er i same område.

Høyringskart:

Større utsnitt av høyringskart: Austrheimsvågen



## Innspeil på Grunnkart



## Fotokart



### Vurdering:

Det er ingen vesentleg påverknad for tema i KU vurderingane under tema landbruk, helse, kulturminne og kulturmiljø, risiko og sårbarhet, miljø og klima, born og unge, strandsone og samfunnsmessige høve om ein tek omsyn til denne merknaden i Austrheimsvågen. Merknaden har heller ingen vesentleg ulempe for landskap, friluftsliv, naturmangfald og miljø sidan arealbruken vert uendra her. Når me les marknaden og grunngevinga frå søkjar her så synes me det er naturleg å ta marknaden til etterretning. Kommuneplanen sin arealdel som var på offentlig ettersyn bør endrast her frå SBN6 til Naustområde i dette området. Den funksjonelle strandsona bør og endrast i samsvar med dette rundt dette eksisterande naustområdet der nye naust kan byggjast. Kartskisse under viser korleis dette kan gjerast i Austrheimsvågen:



Det er positivt med fleire naust for innbyggjarar som bur her og som har rett til dette etter nyare handsaming i lovverket. Sakshandsamar ser ingen negative konsekvensar med fortetta dette naustområdet med nokre fleire naust.

**Konklusjon:** Arealdelen til kommuneplanen i Austrheimsvågen vert endra i dette området frå LNF-område til Naustområde. Den funksjonelle strandsona vert utvida rundt vika her.




## Merknad:

Dato 21.06.2016

**12. Odd Haugen.** Vidar Mjøs skriv på vegne av Odd Haugen at han ynskjer at det skal setjast av i arealdelen eit bustadområde/bustadfelt nord på Toftegård. Dei meiner at dette bustadfeltet kan bindast saman med Kvalvågen bustadfelt. Han skriv og at båthamna i Kvalvågen kan utvidast (S10) for å dekkja behovet i det nye feltet.


Høyringskart:

Større utsnitt av høyringskart: Toftegård (nordvest)



Innspel

Innspel og grunnkart





## Fotokart



### Vurdering:

Det er vesentleg påverknad for tema i KU vurderingane under tema landbruk, helse, kulturminne og kulturmiljø, risiko og sårbarhet, miljø og klima, born og unge, strandsone og samfunnsmessige høve om ein tek omsyn til denne merknaden på Toftegård. Det er og vesentleg ulempe for landskap, friluftsliv, naturmangfald og miljø om arealbruken vert endra her frå LNF-område til bustadformål, men ein detaljregulering vil kunne ta omsyn til ein del av desse ulempene og avbøta desse på ulikt vis. Avsett bustadområde B06 på arealplankartet må i såfall regulerast saman med dette nye bustadområdet og sjåast på i ein samanheng og i ein heilskap.

Når me les merknaden og grunngjevinga frå søkjar her så synes me det er naturleg at me på vilkår i føresegnene tek merknaden til etterretning. Det er sett av fire nye bustadfelt i kommuneplanen sin arealdel på Toftegård. Det er alt regulert to bustadfelt her som no er under utbygging, det minkar på ledige tomter her. Det er god plass til vidare bustadutbygging på Toftegård, dette er i tråd med kommuneplanen som har vore på offentleg ettersyn. Omsøkt område vil vera eigna for bustadbygging, men strandsona bør ikkje brukast i særleg grad her. Landskapet her har ikkje varige inngrep i eit større geografisk område omkring dette omsøkte bustadfeltet. Evt. utbygging er avhengig av at det i alle høve vert bygt gang- og sykkelveg mot næraste skule og senter. Området bør ikkje utbyggast med nye hus her før fortau er på plass samanhengande frå felt B05 til Toftegårdkrysset. Det må og vera eit krav at det planerte bustadfeltet på Søre Neset må vera utbygd med bruksløyve på 70 prosent av husa på tomtane her før ei utbygging kan starta i dette nye bustadfeltet. Kommuneplanen sin arealdel som skal ut på ny offentleg ettersyn må ha desse momenta med som krav i føresegn for dette feltet. Det vil ha relativt store negative konsekvensar med å endra dette LNF området til bustadformål om me ikkje krev at dette vert gjort før igangsettingsløyve til nye bustadar her vert gjeve. Dette må og sikrast gjennom klare rekkefølgekav.


**Konklusjon:** Arealdelen til kommuneplanen på Toftegård vert endra i dette området frå LNF-område til Bustadområde. Det er eit krav at føresegnene må fanga opp at det skal byggjast ferdig fortau frå B05 til Toftegårdkrysset før igangsettingsløyve kan gjevast til bygg i dette nye bustadfeltet. Busslommer og fortau i krysset ved og langs Fv. 565 som i rekkjefølgjekrav til reguleringsplanen på «Søre Neset» må vera ferdigbygd før utbygging kan skje i det nye bustadfeltet. Bustadfeltet på Søre Neset må vera om lag ferdigbygd før igangsettingsløyve til hus her kan gjevast. Bustadområde B06 på arealplankartet må regulerast saman med dette nye bustadområdet.

## Merknad:

Dato 21.06.2016

**13. Odd Haugen.** Vidar Mjøs skriv på vegne av Odd Haugen i eit 17 siders langt notat at han ynskjer at det skal setjast av i arealdelen eit næringsområde i Øksnesmarka. Dette var merk av som næringsområde N18 i gjeldane kommuneplan, men vart sett av til LNF i høyringsutkastet, og ytre deler av dette LNF området er merka av med omsynsone H560\_23 (bevaring naturmiljø). Mjøs skriv at «Øksnesmarka med den gode strandlina mot den djupe Åråsvågen er eit viktig ressursområde for Austrheim og regionen, med rom for framtidig næringsutvikling uavhengig av Mongstad. Frå området er det kort sjøveg ut til leia, utan bruhindringar. Frå området er det også kort avstand til den planlagde ringvegen over Radøy. Odd Haugen har investert i arealkjøp med utgangspunkt i gjeldande kommuneplan, kommunale vedtak, og intensjonsavtalar. I grøne drag kan det leggjast til rette for friluftsliv og gjennomgåande stiar og turvegar.» Han skriv og området kan byggjast ut trinnvis og peikar på all næringsbruk som kan koma her. Alt frå båtlager, jordfabrikk, fellesfjøs, maritime næringer, småbåthamn, industriområde m.m.


Høyringskart:



Større utsnitt av høyringskart: Øksnesmarka-Åråsvågen




## Eigaroversikt:




## Innspel og grunnkart

Av skisser utarbeide for Austheim kommune i 2001 framgår at det ikkje er aktuelt å nytta heile det 900 dekar store området som er avmerkt i kommuneplanen til industri.



## Fotokart



## Vurdering:

Det er vesentleg påverknad for tema i KU vurderingane under tema landbruk, helse, kulturminne og kulturmiljø, risiko og sårbarhet, miljø og klima, born og unge, strandsone og samfunnsmessige høve om ein tek omsyn til denne merknaden i Øksnesmarka. Det er og vesentleg ulempe for landskap, friluftsliv, naturmangfald og miljø om arealbruken vert endra her frå LNF til næringsformål. Av klimaomsyn bør me ikkje røra dette store myr- og våtmarksområdet, eller gjennomføra ein storstilt masseutskifting her. Torvmyr lagrer mykje karbon som frigjer CO<sub>2</sub> ved masseutskifting.

Sakshandsamar vil peike på at Øksnesmarka har vore sett av til næringsområde sidan 1970-talet og såleis har vore med i mange kommuneplanar i Austheim, også i gjeldane kommuneplan som vart godkjent i 2007. Det har og vorte gjort strategiske oppkjøp her som har lagt til grunn for at

næringsutbygging kan skje i dette området. Det er og viktig å peika på at Austrheim kommune har få store næringsområde knytt til sjø og gode hamneområde vest i kommunen. Det er mange tilhøve her som seier at eit mindre næringsområde kan vera fornuftig i deler av dette området. Deler av Øksnesmarka kan såleis vera eigna for næring., men utfordringar knytt til masseuttak gjennom lang tid her vil kunna føra til mange ulempe for omgivnadane.

Øksnesmarka ligg og nært det store oppdrettsanlegget i Børildosen. Masse- og steinuttak her kan få store uheldige konsekvensar på fiskeoppdrettet som pågår her. Dette knytt til sprenging, støv, finpartikkelar i sjø og farleiutfordringar.

Det er sett av store næringsareal i arealdelen i Austrheim i Mongstadorrådet og i Lerivågen. Lindås kommune sin kommuneplan har også store ubebygde næringsareal i dette området. Kommunen har utarbeid strategisk plan for utvikling av reiseliv med vekt på havsport m.m., dette gjer at fokuset på natur og landskap har auka. På bakgrunn av dette verkar det positivt å ha dette området som LNF-område. Landskapet her har heller ikkje varige inngrep i eit større geografisk område omkring. Dette er eit viktig friluftslivs- og naturområde for mange folk i Austrheim. Sett i eit folkehelseperspektiv er naturområda her særst verdifulle. Spesielt dei som ligg nære busetnad, men likevel har status som urørd. Me viser til KU vurderingane under arealinnspel/tiltak nr. 29 og 52 med sum +7, det viser kvifor området i Øksnesmarka vart endra frå Næringsområde til LNF-område med omsynsone.

Sakshandsamar meiner alt i alt det vil ha store negative konsekvensar med å endra dette urørte LNF-området til Næringsområde no. Kommuneplanen sin arealdel som var på offentleg ettersyn bør difor ikkje endrast her. LNF-område med omsynsone (bevaring naturområde) er det naturlege arealformålet i dette området framover. Sakshandsamar vil understreka at det er viktig å vurdere arealbruken grundig framover i dette store og samanhengande sjø- og landområdet, men og vega dei ulike brukarinteressene i området opp mot kvarandre i eit langsiktig perspektiv.

**Konklusjon:** Administrasjonen meiner at arealdelen til kommuneplanen i Øksnesmarka ikkje skal endrast frå LNF-område med omsynsone (bevaring naturområde) til Næringsområde. Me tek merknaden til orientering.



## Merknad:


Dato 27.06.2016

**14. Terje Stevnebø.** Han skriv på vegne av eigar Magnar Saltnes at området på Kalven bør vidareutviklast som område til naust- og småbåthamn. Området grensar til køyrevegen til Njøta, ein kan gjennomføra tiltaket utan skjemmaende terrenginngrep, skriv han. Han skriv at det er opna opp for bustadutbygging i området og tiltaka her vert som ei forlenging av eksisterande bruken her. I innspelet hans datert den 08.06.2015 står det meir. Innspelet gjeld nordre del av Kalven, teig av GBNR 138/ 5.


Han ber om at eit avgrenset areal av denne teigen mot Vestre Kalvsundet i kommuneplanen vert sett av til område for naust, båthamn og flytebyggjer i staden for LNF og «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone».

Høyringskart:

Større utsnitt av høyringskart: Njøtesundet (Kalven, vest)



Innspill til pågående rullering K plan Austrheim



### Vurdering:

Det er vesentleg påverka for tema i KU vurderingane under tema landbruk, helse, kulturminne og kulturmiljø, risiko og sårbarhet, miljø og klima, born og unge, strandsone og samfunnsmessige høve om ein tek omsyn til denne merknaden i Njøtesundet (Kalven, vest). Det er og vesentleg ulempe for landskap, friluftsliv, naturmangfald og miljø om arealbruken vert endra her frå LNF til formål område for naust, båthamn og flytebyggjer. Når me les marknaden og grunngevinga frå søkjar her, så synes sakshandsamar ikkje det er naturleg å ta merknaden til etterretning. Det er sett av store areal i arealdelen i Austrheim og i reguleringsplanar andre stadar til desse arealføremåla. Området her kan isolert sett vera eigna for slik bruk, men strandsona og landskapet her bør ikkje brukast til dette formålet.

Landskapet på Kalven har ikkje varige inngrep. Dette er i sjøen eit viktig friluftsliv- og naturområde. Området verkar lite eigna for vidare utbygging. Av samfunnsmessige årsaker vil ein ikkje rå til at det vert bygd i område som får dårleg avkøyringstilhøve frå bilveg. Området er verdifullt i høve til landskap og strandsone, ytterlegare privatisering av dette er ikkje å anbefale. Det vil vera mange andre område i kommunen som er betre eigna for denne type utbygging. Det er store negative konsekvensar for mange ulike tema med å endra dette urørte strandområdet i LNF området til naust og småbåthamnrområde. Kommuneplanen sin arealdel som var på offentleg ettersyn bør difor ikkje endrast her. LNF-område er det naturlege arealføremålet i dette området.


**Konklusjon:** Arealdelen til kommuneplanen i Njøtesundet vest på Kalven vert ikkje endra i dette området frå LNF-område til område for naust, båthamn og flytebyggjer.

## **Merknad:**

**Dato 30.06.2016**

### **15. Marit Hatlem v/Advokatfirmaet Harris**

Høyringskart: Njøten, aust



#### **Merknad til føresegner:**

Ingen

#### **Merknad til plankart:**

Ingen

#### **Merknad til plandokumenter:**

Dei ynskjer at plandokumentet på side 17 ikkje skal omtala den private kaien på «Njøten Aust». Det er det ingen planfagleg grunn til å gjera, skriv dei. Det er privat veg dit. Opprustinga av kaien i Naustvika er ein viktig kai i Asutheim kommune, det bør koma fram her.

#### **Vurdering:**


Når me les marknaden og grunngjevinga så synes me det er naturleg å ta marknaden til etterretning. Kommuneplanen sin planskildring som var på offentleg ettersyn bør endrast her.

**Konklusjon:** Kommuneplanen sin planskildring som var på offentleg ettersyn bør endrast her slik dei ber om i marknaden sin.

## Merknad:


Dato 28.06.2016

**16. Aksel Hatlem v/Advokatfirmaet Harris.** Han skriv at området med arealinnspel/tiltak nr. 62 som på høyringskartet er avsett til næring på Njøten fortsatt må vera LNF-område. Aksel Hatlem eig gbnr. 137/4. Dei meiner at det er ingen gode grunnar til å ha dette området som næring. Det er lite egna, skriv dei. Området er lite. Det ligg som ei øy i LNF område omkring. Det er ingen offentleg interesse mot eigars vilje å ha området som næringsområde. Området har naustgrunn for bnr. 4. Forslaget er uforståeleg, skriv han. Areala heng ikkje saman geografisk. Ulike grunneigarar eig areala. Det er kobla med tiltak nr. 24 som er føreslått til hytteområde. Sjå kart som viser dei to områda, nr 62 til venstre og nr. 24 til høgre.



Høyringskart:

Større utsnitt av høyringskart: Njøten, vest





## Vurdering:

Når me les marknaden og grunngevinga frå søkjar her så synes me det er naturleg å ta merknaden til orientering. Kommuneplanen sin arealdel å Njøten (vest) som var på offentlig ettersyn viser at tiltak nr. 62 er i SBN2-område. (LNFR-areal med spreidd bustadbygging og spreidd næring) Det er og det naturlege arealformålet i dette området. Det er KU-vurderingane som har gjort eit mistak her som legg til grunn for denne merknaden om at dette er avsett til næring. Nordhordlandskart og innspelet her er i denne saka forvirrende. Det stemmer ikkje med kommuneplankartet som har vore ute til offentlig ettersyn.


**Konklusjon:** Arealdelen til kommuneplanen på Njøten er SBN2-område ( LNFR-areal med spreidd bustadbygging og spreidd næring). Dette vert ikkje endra til LNF-område.

## Merknad:

Dato 28.06.2016

**17. Per Lerøy.** Personleg merknad. Han meiner at eit område på austsida av ferjekaien i Leirvågen må vidareutviklast som område offentlig hamn. Området grensar til Fv. 57, ein kan gjennomføra tiltaket her mot Mongstad sidan det er god djupne og det er enkelt å etablera ein kai her. Innspelet gjeld altså i sjøen og i strandområdet søraust for ferjekaien. Lerøy skriv at kaien kan nyttast til ventekai og at farty som treng å få utført mindre tenester som reparasjonar, bunkring og proiantering kan gjera det her. I kommuneplanen er området avsett til næringsområde, småbåthamn og bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner. Det er krav til reguleringsplan her. Lerøy ynskjer at dette sjøområdet får status i arealdelen med arealformål o\_Hamn (K - Kai).


Høyringskart:




Kommuneplanen frå 2007



Kommunedelplan for Fensfjorden




## Større utsnitt av høyringskart: Leirvågen, vest for Mongstad



Grunnkart

Fotokart



### Vurdering:

Det er vesentleg negativ påverknad for tema i KU vurderingane under tema friluftsliv, kulturminne og kulturmiljø, risiko og sårbarhet, born og unge, strandsone og samfunnsmessige høve om ein tek

omsyn til denne merknaden i Leirvågen, vest for Mongstad. Det er vesentleg ulempe for landskap, naturmangfald, helse, klima og miljø om arealbruken vert endra til arealformål o\_Hamn (K - Kai). Det er mange private grunneigarar her som har naust og sjøhus her. I tillegg har dei småbåtane sine her. Når me les marknaden og grunngjevinga frå søkjar her, så synes me ikkje det er naturleg å ta marknaden til etterretning. Det er regulert store areal til hamneformål i Austrheim og Lindås kommune i tilknytning til Mongstad i godkjente reguleringsplanar. Området her kan isolert sett vera eigna for slik bruk, men strandsona og området ved den offentlege ferjekaien her bør ikkje brukast til dette formålet. Av samfunnsmessige årsaker vil me ikkje rå til at det vert bygd i eit område som får heller dårleg avkøyringstilhøve frå fylkesveg 57. Samferdsel og tryggleik for offentleg kommunikasjon og ferje over Fensfjorden må ha prioritet her. Det gjeld og omsynet til ventande trafikkantar og køyrety her. Kommuneplanen sin arealdel som var på offentleg ettersyn bør difor ikkje endrast her etter sakshandsamar si vurdering.

I kommuneplanen som var på høyring er dette området avsett til Næringsområde, Småbåthamn og Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsona, dette meiner sakshandsamar er det naturlege arealformålet framover og. Området ligg ved ein viktig offentleg ferjekai og ved eksisterande naust og småbåthamn. Isolert sett er dette verdifull strandsona, men sett i eit litt vidare perspektiv er dette og ein del av eit større kystkulturmiljø som strekk seg frå småbåthamna i Leirvågen og til nausta i Nordre Dyrøyvågen. Det er viktig å avgrense bruken av strandsona til dei stadene der det allereie er aktivitet/inngrep. Nærleiken til ferjekaien/plassen bør gjera oss føre var her på annan aktivitet i nærområdet. Om dette nærområdet skal utbyggast meir må det lagast ein heilskapleg detaljreguleringsplan der alle eksisterande tiltak inngår. I plan må det og avklarast kvar avkjørsle frå hovudvegen skal vera. Og kva aktivitet som kan pågå her. Området kan elles vera særst utsett ved nordleg sterk vind og sjø, men med riktige omsyn kan dette kompensereast for med ulike tiltak.

**Konklusjon:** Arealdelen til kommuneplanen vert i Leirvågen ikkje endra i dette området frå Næringsområde, Småbåthamn og bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsona til område for o\_Hamn (K – Kai).

## **Merknad:**

**Dato 28.06.2016**

**18. Per Lerøy.** Personleg merknad. Han meiner at Næringsområdet i Øksnesmarka må inn att i den nye kommuneplanen. I høyringsutkastet er dette området no vorte eit LNF-område. Per Lerøy ynskjer at dette området får status i arealdelen med arealformål næringsområde. Han skriv at:

Uttale til saka

Næringsområdet i Øksnesmarka.

Dette næringsarealet har lagt i kommuneplanen i mange ti-år. I ei tid med aukande trong for sjønære næringsareal, vil det vera feil å ta dette næringsarealet ut av planen. I vårt område vil både den marine og maritime næringa stå sterkt i framtida og då vil det vera viktig at kommunen har areal der desse næringane kan få utvikla seg. Næringsarealet i Øksnesmarka kan utviklast parallelt med at ein ivaretek andre interesser i området. Det vil vera plass til både næring, landbruk og friluftsliv i dette området viss ein lagar gode planar for heile området.

## **Vurdering:**

Sjå merknadshandsaming under **merknad nr. 13**. Dette gjeld også denne merknaden.

**Konklusjon:** Arealdelen til kommuneplanen vert i Øksnesmarka ikkje endra frå LNF-område med omsynsone (bevaring naturområde) til Næringsområde.




## Merknad:

Dato 30.06.2016

**19. Siv Marit Saue og Bård Bolstad.** Dei har lagt ved sitt innspelskriv datert 23.07.2015. Dei ynskjer at området på deira eigedom, om lag 2,5 dekar på gbnr. 160/22 bør regulerast som område til fritidsbusetnad. I høyringsutkastet er dette som før LNF-område. Området er der dei har ein fritidsbustad i dag er på Klauvholmen i Lauvøystraumen. Dette området er sør for Fv. 568 til Sævrøy. Han ber om at eit avgrenset areal av denne teigen mot Vestre Kalvsundet i kommuneplanen vert sett av til område for naust, båthamn og flytebyggjer i staden for LNF og «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone».

Høyringskart:

Større utsnitt av høyringskart: Klauvholmen i Lauvøystraumen.



Innspel og grunnkart

Fotokart



## Vurdering:

Det er vesentleg påverknad for tema i KU vurderingane under tema landbruk, helse, kulturminne og kulturmiljø, risiko og sårbarhet, miljø og klima, born og unge, strandsone og samfunnsmessige høve om ein tek omsyn til denne merknaden på Klauvholmen i Lauvøystraumen. Merknaden har vesentleg ulempe for landskap, friluftsliv, naturmangfald og miljø om arealbruken vert endra her frå LNF-område til formål område fritidsbusetnad. Når me les marknaden og grunngevinga frå søkjar her, så synes sakshandsamar ikkje det er naturleg å ta merknaden til etterretning. Det er sett av areal i arealdelen i Austrheim og i reguleringsplanar andre stadar til arealføremålet fritidsbustadar. Området her verkar lite eigna for vidare utbygging. Av samfunnsmessige årsaker vil sakshandsamar ikkje rå til at det vert bygd meir i dette strandområde på Klauvholmen i Lauvøystraumen, det er og dårleg avkøyringstilhøve frå fylkesvegen her. Området er verdifullt i høve til landskap og strandsone, ytterlegare privatisering av dette er ikkje å anbefale. Det vil vera mange andre område i kommunen



som er betre eigna for denne type utbygging. Det er store negative konsekvensar for mange ulike tema med å endra dette strandområdet i LNF-området til fritidsbusetnad. Kommuneplanen sin arealdel som var på offentleg ettersyn bør difor ikkje endrast her. LNF-område er det naturlege arealformålet i dette området.


**Konklusjon:** Arealdelen til kommuneplanen vert på Klauvholmen i Lauvøystraumen ikkje endra frå LNF-området til Fritidsbusetnad.

## Merknad:


**Dato 30.06.2016**

**20. Lingalaks AS.** Dei ynskjer utviding av areal avsett til fiskeoppdrett ved Jibbersholmene i Radøy meir inn i Austrheim kommune (Hoplandssosen-Bergsvikhamn). Dei ynskjer såleis å flytta anlegget lenger ut i fjorden og ut i Hoplandssosen. Dei skriv at: «*Det er viktig for oss no i denne runden og også syta for at ein set av nok areal i arealplanen, slik at ein ikkje i farmtida lyt søka om dispensasjonar, det er som kjent eit sterkt ynskje om at utviklinga i havbruk skal skje gjennom gode arealplanar. Utviklinga i havbruksnæringa går svært fort og ny teknologi og nye måtar å produsera på vert stadig tatt i bruk. Det er viktig at kommunen då er farmtidsretta og set av nok areal.*» På det vedlagte kartet føreslår dei at lokaliteten vert liggjande omtrent midt mellom Austrheim kommune og Radøy kommune. Vedlagt MOM-B granskinga viser at nærsonea i lokaliteten er markert belasta med tilførsel av organisk materiale frå oppdrettsanlegget ved enkelte punkt. Samla sett er imidlertid miljøtilstanden 1, meget god.


Høyringskart:



Interkommunal plan for Fensfjorden:





Større utsnitt av høyringskart: Jibbersholmene i Radøy og ut i Hoplandsosen i Austrheim



Innspel frå Lingalaks AS

Fotokart



**Vurdering:**

Det er vesentleg påverka for tema i KU vurderingane som, landbruk, helse, kulturminne og kulturmiljø, risiko og sårbarhet, miljø og klima, born og unge, strandsoner, samfunnsmessige høve om

me tek merknaden til følge. Merknaden har vesentleg ulempe for landskap, friluftsliv, naturmangfald og miljø i denne saka. I dette omtente området er det Gyteområde, Rekefelt, farlei, Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, Ferdsel (FE). Naturområde (GY - Gyteplass).

Hoplandsosen. Det er og kartlagt korallrev i Hoplandsosen. Område for Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone og farlei i **Interkommunal plan for Fensfjorden** gjeld her i dag. Endringsforslaget er negativt i forhold til anna bruk av sjøområdet i Hoplandsosen i dag knytt til farlei, fiskeri, rekreasjon, miljø og friluftsliv. Sakshandsamar synes ikkje det er fornuftig arealbruk å ta inn AK området i Austrheim kommune sin arealdel i Hoplandsosen eller justera det i samsvar med merknad. Sakshandsamar synes difor det ikkje er naturleg å ta merknaden til etterretning. Det er og naturleg å visa til merknaden frå Fiskarlaget Vest (merknad 29) i denne saka som tek opp Hoplandsosen og bruken her i fiskerisamanheng.

**Konklusjon:** Arealdelen til kommuneplanen i Hoplandsosen vert ikkje endra, det vert ikkje sett av eit område for Akvakultur (AK) i arealdelen til kommuneplanen her.



## Merknad:

**Dato 30.06.2016**

**21. Trond Kaland på vegne av grunneigar Sigfrid T. Kaland.** Han ynskjer å få endra reguleringsplan ved Søre Fønnesvågen som vart godkjent i 1998 med Braplanid. 1998002. Det gjeld eigedom gbnr. 130/5. Han ynskjer endring frå friluftsområde til naust og kaiformål på sin sjøeigedom.


Plankart til godkjent «Reguleringsplan bustadområde Vardeflaten på Kaland»

Høyringskartet:





## Større utsnitt av høyringskart: Kaland mot Søre Fønnesvågen



### Vurdering:

Det er viktig å peika på at kommunar normalt ikkje tek stilling til detaljar i ein reguleringsplan i samband med kommuneplanarbeidet. Sakshandsamar vil peike på at det som grunneigar tek opp her må takast opp gjennom planendring av reguleringsplanen eller ved ein dispensasjonssøknad. Område i reguleringsplan bustadområde Vardeflaten på Kaland er det truleg lettast å endra gjennom ein planendring.

**Konklusjon:** Arealdelen til kommuneplanen på Kaland vert ikkje endra i dette regulerte området på i samband med kommuneplanarbeidet. Her må det planendring til for å endra reguleringsplanen i området.

### Merknad:

**Dato 01.07.2016**

**22. Kobbevik og Furuholmen Oppdrett AS.** Dei ynskjer utviding av areal avsett til fiskeoppdrett i Børildosen-Årsvågen (lokalitet Øksnes) . Dei har lagt ved kart som viser areal som er godkjent og som er areal dei i dag brukar. Dette er kart 2 på vedlegg / areal skravert grønt.



Dei har også lagt ved forslag som viser areal som dei ynskjer å kunna disponera, kart 1 på vedlegg/ felt merket med blå firkant. Dei skriv at Øksnes har vore ein svært god lokalitet og dei har oppnådd svært gode driftsresultat på denne lokaliteten. Dei skriv at anlegget deira kunne med fordel justerast




for å kunna oppnå betre djupnetilhøve og gjennomstrauming. Dei skriv at det er trong for å ha areal disponibel for kunna letta ein eventuell søknad om dette. Blå prikkar visar dette på kartet.

**Høringskart**

**Større utsnitt av høringskart: Børidosen-Åråsvågen**





**Interkommunal plan for Fensfjorden:**



**Innspel noverande og framtidig med blå firkant**

**Noverande plassering av anlegget i grønt**



## Vurdering:

Det er vesentleg påverknad for tema i KU vurderingane som, landbruk, helse, kulturminne og kulturmiljø, risiko og sårbarhet, miljø og klima, born og unge, strandsone, samfunnsmessige høve i Børildosen-Åråsvågen. Merknad har og vesentleg ulempe for landskap, fiske, friluftsliv, naturmangfald og miljø i denne saka. I dette omtenke framtidige området med blå firkant er det Rekefelt, omsynsone H560 NF og Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Det er og eit viktig ferdsel område for båttrafikken ut og inn frå Børildosen-Åråsvågen og aust-vest i Austrheim kommune og i resten av regionen.

Område for Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone og farlei i **Interkommunal plan for Fensfjorden** gjeld her i dag. AK-område merka grønt i merknad er i aktiv bruk i dag. Det er positivt for næringslivet som driv denne lokaliteten å ta omsyn til dette i kommuneplanen. Endringsforslaget med firkant merka med blått er negativt i forhold til anna bruk av sjøområdet her i dag knytt til farlei, fiske, rekreasjon, miljø og friluftsliv. Sakshandsamar synes ikkje det er fornuftig arealbruk å ta inn dette som framtidig AK området i Austrheim kommune sin arealdel. Å gjer dette i samsvar med arealinnspel med blå firkant vil vera svært uheldig. Sakshandsamar meiner det difor ikkje er naturleg å ta merknaden til etterretning når det gjeld forslag blå firkant på arealbruken, men me tek innspelet med oss når det gjeld innspel merka av grønt (dette er kart 2 på vedlegg / areal skravert grønt) og endrar arealet som er skravert grønt til akvakulturområde (AK). Dette er i tråd med arealbruken i dag i Børildosen. Sakshandsamar vil og visa til merknad 29 frå Fiskarlaget vest i denne saka.

**Konklusjon:** Det vert sett av eit område for Akvakultur (AK) i arealdelen til kommuneplanen Børildosen på område som er merka grønt (kart 2 på vedlegg / areal skravert grønt) og som på høringskartet var sett av til Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone.


## Merknad:

**Dato 01.07.2016**

**23. Walther Kaland.** Han ynskjer ikkje at hans eigedom skal vera offentleg område i kommuneplanen sin arealdel. Han skriv at «Jeg vil ha eiendom 130/30 på Kaland endret fra LNF-område til område for boliger. Dette gjelder hele eiendommen. Derfor føler jeg at å vise eiendommen i et kartutsnitt er overflødig. Den tidligere omdefineringen gjaldt også hele eiendommen. Det betyr at deres innstilling til å endre status på eiendommen til offentlig område ikke blir aktuelt».

Høyringskart

Større utsnitt av høyringskart: Kaland-området



Innspeil. Walter Kaland eig det som er vist med prikkar.

Fotokart:



Gardskart viser gule dyrka område på deler av 130/30 på Kaland. Grøne området er skog.



## Vurdering:

Det er ingen vesentleg påverknad for tema i KU vurderingane som, landbruk, helse, kulturminne og kulturmiljø, risiko og sårbarhet, miljø og klima, born og unge, strandsone, samfunnsmessige høve om me på Kaland tek noko omsyn til merknaden frå Walter Kaland. Det er heller ingen vesentleg ulempe for landskap, friluftsliv, naturmangfald og miljø å endra deler av denne eigedomen til gult bustadområde, men sakshandsamar meiner arealbruken her må vurderast i samband med reguleringsplanarbeidet for Kaland barnehage og skuleområde som skal starta i 2017. Det vil truleg verta regulert inn gule bustadområdet på deler av eigdommen til Walter Kaland i samsvar under denne detaljplanprosessen.


Eigedomen på austsida av tilkomstvegen er det naturleg å halda på som LNF-område av omsyn til landbruk og nærleiken til fylkesveg 57, der er det eit krav om minimum 50 meter til nye bustadhus. Sakshandsamar synes difor det ikkje er naturleg å ta merknaden til etterretning i samband med kommuneplanen vår, men me tek inspelet frå Walter Kaland med oss vidare i reguleringsplanprosessen. Dette reguleringsplanarbeidet byrjar i byrjinga av 2017 når kommunestyret har bestemt kva forprosjekt som skal styra ein framtidig barnehageutbygging på Kaland. Detaljreguleringa vil kunne regulera inn område for bustadutbygging her der det er naturleg, og der det ikkje vil vera til hinder for framtidig infrastruktur og naudsynt areal for skule- og barnehageområde på Kaland. Det er positivt med fleire bustadar i dette området, men av omsyn til detaljreguleringa som skal skje på Kaland i dette området med det første må me venta med å setja av gule område no.

**Konklusjon:** I samband med kommuneplanprosessen endrar me ikkje kommuneplankartet i dette området på Kaland til Bustadformål, men inspelet til Walter Kaland vil me ta med oss i planarbeidet når Austrheim kommune skal detaljregulera skule- og barnehageområdet. Då er det naturleg å regulera inn bustadar i dette området der dette er formålstenleg og ikkje kjem i konflikt med andre brukarinteresser.

## Merknad:

**Dato 30.06.2016**

**24. Atle Utkilen.** Han meiner at kommunen planforslaget legg for liten vekt på å få til gode lokale bumiljø. Han saknar ei lista med vurderingar av dei enkelte områda slik at det hadde kome fram tal bueiningar i t.d spredd busetnad. Han skriv: «Først til SB30 – Bustadområdet som har lagt på Bakkøy tilbake til 1970 og SB30 har til no lagt inne som bustadområde. I planforslaget slik eg les kartet, er det no omgjort til spredd busetnad.» Utkilen ynskjer å få det endra tilbake til bustadområde slik det er i eksisterande kommuneplan frå 2007. Då heitte det BO2 og B37.





Atle Utkilen skriv vidare at: «SB31 – Utkilen spreidd busetnad. Min reaksjon er knytt til at kommunen har tatt ut av spreidd busetnad området under bnr 5 som ligg på sørsida av brua. Eg vil anmode kommunen om å leggja området inn at i SB31.» Han skriv at kommunen gjerne må stilla krav om reguleringsplan her for å få gode felles løysingar og av omsyn til ålmenta.




Kommuneplanen frå 2007 ser slik ut her. Eit stort LNF-område der spreidd bustadutbygging kan tillatast med talet 2 (nye bustadar i planperioden).

Han skriv vidare at: «Dessverre konstatere eg at gang- og sykkelvegen frå Mastrevik til Kjelstraumen ikkje er inne på budsjettplanen til Vegvesen i perioden fram til 2024. Kva med resten frå Kjelstraumen til Fønnes?» Han skriv og at: «Vi hadde kome langt dersom ein hadde lage ein enkel veg/turveg der det var forsvarleg/ trygt å gå.»


#### **Merknader til føresegner**

- 1.Ukilen stiller spørsmål til føresegna § 1.2.2 om fritak frå detaljregulering og tolking av denne.
- 2.Ukilen stiller spørsmål til føresegna § 1.4.3 om næringsområde og tolking av denne når det gjeld vassboren varme i bygg over 500 m<sup>2</sup>.
- 3.Atle Ukilen stiller spørsmål til føresegna § 1.5.2 om rekkjefølgjekrav, han meiner at pkt. a og b er urimelege og vil føra til at ingen vil starta utbygging av felt og det vil hindre utvikling i Austrheim. Han skriv at: «Er det krav om fortau og leikeplassar i planen, må rekkjefølgjekrava vera knytt til framdriften i prosjektet.»
- 4.Ukilen stiller spørsmål til føresegna § 1.6.1 Generelt og tolking av denne at det skal vera + kote 3 meter på anlegg. Han lurar på kva grunnlag har ein for å innføre denne?
- 5.Ukilen stiller spørsmål til føresegna § 1.6.2 Byggjegrænse mot sjø og tolking av denne. Skriv at det bør vera det same kravet mot strandlinje for hytter og hus.
- 6.Ukilen stiller spørsmål til føresegna § 1.6.9 Areal for opphald ute (MUA) fordi pkt. J «alt er tatt med under §1.5.2.
- 7.Ukilen meiner at føresegna § 1.6.10 Fritidsbustad bør ha med opning for at ein kan endra til bustad og dermed større enn 150 BRA.
- 8.Atle Ukilen meiner at føresegna § 2.1.3 Næring under pkt d er uheldig og vil ha det ut. Pkt. f m krav til fortau og gangveg meiner Utkilen og er «uheldig». Det gjeld og «krav» under pkt. h og i.
- 9.Ukilen meiner at føresegna § 3.2.1 Ny bygnad. Han skriv her at: «Utbygging med spreidd busetnad medfører risiko for at ein ikkje ser framtidige konsekvensar knytt til veg- og va- løysningar samt gode utnytingar av områder. I tillegg er det også fare for at områder vert privatisert og då særleg ned mot sjøen. I samband med slike tiltak er det sær viktig at tiltakshavar synleggjer korleis heile området/ tomten skal brukast. Bl.a bør det vera krav om at eventuelle stiar, standlinje og liknande skal vera tydeleg merka som ope for ålmenta. Dersom dette ikkje vert gjort, opplever naboar at området er privat og kvir seg for å gå inn i slik områder.»


Høyringskart: Nord på Utkilen



Høyringskart: Sør på Utkilen




Større utsnitt av høyringskart: Bakkøyna



Fotokart



Gardskart med arealtypar



## **Vurdering:**

Vesentleg påverknad for tema i KU vurderingane som, landbruk, helse, kulturminne og kulturmiljø, risiko og sårbarhet, miljø og klima, born og unge, strandsone, samfunnsmessige skal vurderast. Det gjeld og vesentleg ulempe for landskap, friluftsliv, naturmangfald og miljø. Forslaga til Utkilen har generelt liten konsekvens på desse temane, men byggjefelt i SB30 på Utkilen ynskjer sakshandsamar ikkje før gang- og sykkelveg på Utkilen er på plass til skulane borna må gå på i Austrheim. Difor vart områda BO2 og B37 teke ut frå den eksisterande kommuneplan og endra til SB30 (spreidd utbyggingsområde).

Det store området der spreidd bustadutbygging kunne tillatast med talet 2 (nye bustadar i planperioden 2007-2017) på Utkilen vart redusert noko sør for Kilstraumbua av omsyn til landbruksinteressene der, men og på grunn av trafikkstøyen frå fylkesveg 565. Det var også landbruk- og landskapsomsyn å ta her. Dette området er kalla for SB31 no, ein del av dette ligg sør for bua. Sakshandsamar synes difor ikkje det er fornuftig arealbruk å endra på dei planlagte områda på Utkilen i Austrheim kommune sin arealdel. Alternativet var å laga ein områdeplan for heile Utkilen, men kostnadane med den ville i dag vore større enn kva kommunen har midlar til å prioritera. Sakshandsamar tek difor ikkje merknaden til etterretning når det gjeld forslag til arealendingane. Desse er vurdert grundig av kommuneplanleggjar. Talet på kor mange nye hus som kan byggjast her vil truleg verta vurdert og talfesta i samband med andre gongs offentleg ettersyn. Austrheim kommune har lagt inn i planen ein samanhengande gang- og sykkelveg gjennom heile kommunen på Fv. 565 og Fv. 57. Budsjettet til sentrale aktørar vil det politisk verta arbeidd med framover for å realisera dette hjå oss, men dette vert steg for steg utbyggingar.

Sakshandsamar vil peika på at føresegnene må vera tydelege, enkle og lette å forstå, men og halda mål juridisk. Når det gjeld kote +3 for nye anlegg er det basert på siste råd/kunnskap frå prognosar på havnivåstigning i vårt område i eit lenger klimaperspektiv (2100-talet). Føresegn om vassboren varme for større bygg er teke frå energi- og klimaplanen vår. Byggjegrænse mot sjø er i stor grad lik for hytte og hus. Utbyggingsrekkefølge skal vera fornuftige og målretta, her må ein vega mange interesser og finna gode løysingar tilpassa staden, dette saman med utbyggjar og andre offentlege instansar, målet er å gjera utbyggingsområda trygge, funksjonelle og berekraftige. Sakshandsamar vil opplysa om at innspela til Atle Utkilen når det gjeld føresegner vil me ta med oss når kommunen skal drøfta desse i planprosessen vidare.

**Konklusjon:** I samband med kommuneplanprosessen endrar Austrheim kommune ikkje kommuneplankartet i dette områdetå Utkilen etter offentleg ettersyn, men innspelet til Atle Utkilen når det gjeld føresegner og spørsmålet om talet på bustadar i spreidd område vil me ta med oss når kommunen skal drøfta dette i planprosessen vidare.

## **Merknad:**

**Dato 30.06.2016**



**25. Cecilie Fønnes.** Ho er eigar av gnr 147 bnr 17/38 og gnr 147 gnr 18. Ho ynskjer at Gnr 147 bnr 18 vert tatt med i kommuneplan som LNF område med spredt bustadutbygging. Cecilie Fønnes skriv at: *«I dag bor vi på gnr 147 bnr 17/38, og etter å ha sett presentasjonene av detalj- og reguleringsplan*




for gang- og sykkelveg Mastrevik-Kilstraumen, er vi innstilt på å flytte frå huset vårt, og finne en bedre løsning ikke så tett opp mot fylkesveien. Det er uten mening for oss å satse videre nå huset vi har, når fylkesvei vil komme enda lenger inn på denne tomten. Området Gnr 147 bnr 18 er klemt inne mellom et allerede veletablert boligområde på begge sider, og hører naturlig med for videre boligutvikling i området.»

Høyringskart

Større utsnitt av høyringskart: Budalen-Toftegård





Reguleringsplankart over hennar hustomt




Regulert område, avkjøring til hus i vest. G/S i aust

Hus sør for veg og G/S på Fv. 565





Innspel.



Fotokart:



Kartet under viser kor Cescilie Fønnes bur på tomten vest for Fv. 565:



### Vurdering:

Det er vesentleg påverknad for tema i KU vurderingane som landbruk, helse, kulturminne og kulturmiljø, risiko og sårbarhet, miljø og klima, born og unge, strandsone, samfunnsmessige høve om ein tek omsyn til merknaden frå Cecilie Fønnes. Merknaden har vesentleg ulempe for landskap, friluftsliv, naturmangfald og miljø. Det å endra deler av denne eigedomen til spreidd bustadutbygging vil difor vera svært uheldig. Sakshandsamar vil peika på at ny avkjøring/tilkomst frå Fv. 565 i aust her er vurdert negativt i samband med reguleringsplanarbeidet, samfunnet ynskjer ikkje fleire avkjøringar frå eksisterande fylkesveg her. Sakshandsamar meiner at det difor ikkje er naturleg å ta inn område for spreidd bustadutbygging på denne delen av eigedommen til Cecilie Fønnes i kommuneplanen. Eigedomen på austsida av fylkesvegen her er det naturleg å halda på som LNF-område av omsyn til natur og friluftsliv. Nærleiken til fylkesveg 565 der det er krav om minimum 50 meter til nye bustadhus er og eit moment som må vektleggjast i saka. Cecilie Fønnes kan om ho ynskjer det plassera/byggja eit nytt hus på sin eigen eigedom på austsida av FV. 565 slik kommuneplanen no ligg føre. Det betingar at ho må bruka dagens avkjøring som no er ferdig regulert i godkjent reguleringsplan og som Vidar og Henning Sætre brukar til sine hus i dag. Hennar eksisterande bustadtomt har fått regulert inn avkjørsel, og den regulerte planen tek i liten grad areal av hennar eigedom her. Det er berre arealformålet anna vegareal som er regulert inn noko på hennar tomt i aust, sjølvvegeanlegget kjem utanfor. Sakshandsamar ser at det er mange negative konsekvensar for landskap, avkjøringar, miljø, støy og strandsone å etablera eit område for spreidd bustadutbygging slik merknaden ynskjer. Sakshandsamar syne difor det ikkje er naturleg å ta merknaden hennar til følgje i samband med arbeidet med kommuneplanen.

**Konklusjon:** I samband med kommuneplanprosessen endrar me ikkje kommuneplankartet i dette LNF-området i Budalen til LNF område med spreidd bustadutbygging.

## Merknad:

Dato 28.06.2016

**26. Naturvernforbundet.** Naturvernforbundet meiner høyringsutkastet til arealdelen til kommuneplan for Austrheim 2016-2027 i høve natur og miljø er framsynt og byggjer opp under langsiktige berekraftige prinsipp både når det gjeld landskap, biologisk mangfald, kulturmiljø og friluftsliv.

Dei skriv at planen løfter fram landskap, byggeskikk, klima, støy og fortetting (sentrumsområde) som viktige tema. Planen har ei god miljømesse forankring sjølv om Naturvernforbundet og kunne tenkt seg tema som gjekk på biologisk mangfald og forureining. Naturvernforbundet meiner det er godt samsvar mellom viktige tema og dei arealstrategiane som er valde i planen. Særleg positive er strategiane for opne landskap og til dels strandsone. Også strategiane for fortetting av bustader og hytter og vidare utbygging av næringsareal først og fremst rundt Mongstad, meiner Naturvernforbundet er heilskapleg og god miljøpolitikk. Naturvernforbundet meiner at biologisk mangfald kunne fått ein tydelegare plass i arealstrategiane.

At kommunen set av areal til spreidd busetnad utanom regulerte område er Naturvernforbundet kritisk til. Det er positivt at «overskotsmassar får utbyggingsområde i all hovudsak skal nyttast på staden» med «minst mogleg transport ut av områda». Alle framtidige deponi er lokalisert nær næringsområde på Mongstad og Fønnes der det er mykje industriell verksemd frå før. Så lenge dette vert gjort berekraftig med framsynt bruk av ressursane til jordbruksføremål, er Naturvernforbundet positiv til slike deponi.

### Næringsverksemd

Naturvernforbundet finn grunn til å rosa planframlegget på dette området. Det er tenkt heilskapleg når kommunen vil konsentrera næringsutviklinga på Mongstad og tek sikte på å la resten av kommunen bli «*ein nasjonal kjent og attraktiv turistdestinasjon*» (s. 16). «Verdien av ope kystlandskap i eit reiselivsperspektiv» har ført til at planen har fjerna næringsområdet i Øksnesmarka. Dette er framtidsretta og heilt i tråd med kva Naturvernforbundet har kjempa for i fleire tiår. «I planframlegget der dette området no disponert til LNF og nordre del er spesielt merka med omsyn til bevaring av naturmiljø», heiter det vidare om Øksnesmarka. Ei slik omdefinering er særleg gledeleg og vil ikkje berre opna for turisme, men òg utmarksretta landbruk, skjøtsel av lynghei, ivaretaking av biologiske mangfald og friluftsliv og bidra til god folkehelse der folk bur (sjå under bustadområde). Dessutan vil kommunen på denne måten forhindra store inngrep i Åråsvågen.

Høyringsutkastet opnar for mange nye naustområde. Naturvernforbundet er kritisk til dette, og meiner nye naust i større grad burde vore konsentrert til eksisterande naustområde eller ikkje burde vore tatt inn i planen.


Det er positivt at planen held oppe intensjonen om gang- og sykkelveg «frå Lindås grense til Radøy grense langs med fylkesvegen» og at «*gang og sykkelvegnett skal vurderast i samband med all utbygging*». Naturvernforbundet er meir kritisk til at det i LNF-områda er opna for spreidd bustads- og fritidsbygning i nokre delar av kommunen. Om slik utbygging vert omfattande, vil det undergrava fortettingsmålet i dei regulerte bustad- og hytteområda i kommunen.

Eit så spreidd utbyggingsmønster av småbåthamner som planen gjer framlegg om er Naturvernforbundet skeptisk til, sjølv om det kan føra til færre søknadar om flytebyggjer, kaiar og andre fortøyinganlegg på kvar enkelt tomt. Naturvernforbundet ønskjer færre og meir konsentrerte småbåtanlegg i allereie utbygde område slik at sårbar strandsone ikkje vert lagt beslag på.


## Akvakultur

Etter Naturvernforbundet sitt syn er det svært gledeleg at det er gjort innskrenking av areal for akvakultur slik at berre eitt område no ligg inne. Særleg anlegget ved Allersholmen i Øyane har vore konfliktfylt. Sjøområdet og strandsona rundt er mykje nytta til både fritids- og yrkesfiske og båtutfart frå bustads- og hytteområde i nærleiken. Anlegget ligg i eit område som i si tid var foreslått som nasjonalpark (Øyane, Sandholmane, Holmengrå, Vassøyna) p.g.a. store landskapsverdiar. At Allersholmen er trekt ut av planen slik kommunen foreslår, vil difor vera eit stort pluss for ei heilskapleg forvaltning av Øyane basert på landskapsverdiar, biologisk mangfald og friluftsliv. Naturvernforbundet er positiv til at Øksnesmarka er vorte LNF-område i kommuneplanen. Dei er glad for at akvakulturområdet ved Allersholmen er teke ut og er sett av til Bruk og Vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner.


Øksnesmarka er LNF-areal med omsynssone



Allersholmen er Bruk og vern av sjø og vassdrag



Større utsnitt av høyringskart:



### Vurdering:

Vesentleg påverknad for tema i KU vurderingane som, landbruk, helse, kulturminne og kulturmiljø, risiko og sårbarhet, miljø og klima, born og unge, strandsone, samfunnsmessige skal vurderast. Det gjeld og vesentleg ulempe for landskap, friluftsliv, naturmangfald og miljø. Forslaga til Naturvernforbundet har generelt liten konsekvens på desse temane. Det er vesentleg ulempe for landskap, friluftsliv, naturmangfald og miljø å ha akvakulturområde ved Allersholmen, men sidan arealbruken vert uendra er det ikkje naturleg å vektleggja det i denne saka. Austrheim kommune synes difor det er fornuftig arealbruk å ta inn at AK området og justera det i samsvar med innspel frå Blom Fiskeoppdrett AS. Her må me og ta omsyn til motsegna frå Hordaland Fylkeskommune, difor det og naturleg å tilbakeføra arealbruken her til 2007- kommuneplanen. Austrheim kommune synes ikkje det er fornuftig arealbruk å endra på dei planlagte områda i sin arealdelen elles etter merkna den frå Naturvernforbundet. Det er rett som Naturvernforbundet skriv at kommunen vil konsentrera næringsutviklinga på Mongstad og difor bør me halda på LNF-området på Øksnesmarka



slik planen var lagt fram på offentlig ettersyn. Me tek ikkje merknaden til Naturvernforbundet til etterretning når det gjeld forslag til arealendringar.

**Konklusjon:** I samband med kommuneplanprosessen tek me ikkje merknaden til Naturvernforbundet til etterretning når det gjeld forslag til arealendringar.

**Konklusjon:** I samband med kommuneplanprosessen set me av eit AK område i arealdelen til kommuneplanen ved Allersholmen. Dette på grunn av merknaden frå fylkeskommunen.


## Merknad:

**Dato 01.07.2016**


**27. Kai Arild Kaland.** Advokatfirma Harris skriv på vegne av eigar av gbnr. 130/3 forslag på at arealbruken på denne eigdommen på om lag 30 dekar her bør vera næringsformål. Dei skriv at ingen landbruksinteresser vert råka av dette tiltaket. Dei ynskjer å nytte området til jordeponi først, men næringsformål etter den bruken tek slutt. Dei skriv om ynskjeleg kan det oppretthaldast ein buffer (friområde) mellom næringsområdet og Mongstadvegen (Fv. 57). Konsekvensutgreiinga på KU tiltak nr. 82 har skive om dette. Eigdommen er i kommunedelplanen frå 2010 lgat ut som friområde og noko næringsareal. På komuneplankartet er deler av dettelagt ut til jordeponi (D3).

<b>Begrunnelse</b>	<p>Området er allerede vurdert som gunstig for næringsutvikling i gjeldende KDP. Forslaget innebærer en naturlig utvidelse av næringsareal N40 i KDP.</p> <p>Kommunen har ifm. forslag om utlegging av arealet til jordeponi vurdert arealet som å ha liten verdi i forhold til landskap og friluftsliv, da det er tett skog der og det ligger like ved tett trafikkert vei. Dette gjør seg også gjeldende ved utlegging av arealet til næringsformål.</p> <p>Arealet har en god plassering ift. eksisterende infrastruktur, langs riksveien.</p> <p>Stedet har attraktiv lokasjon ift. Mongstad og øvrige næringsarealer i området. Utbygging vil kunne skje uten konflikt med boliger eller hytter her.</p>
--------------------	---


Høyringskart:



Større utsnitt av høyringskart:




## Innspel




Rødt område foreslås utlagt til næringsformål når bruken av arealet som jorddeponi opphører.

## Grunnkart



## Grunnkart



## Gardskart (skogsområde gbnr. 130/3) Fotokart (skog)



## Vurdering:

På høyringskartet er området avsett til næring under N40 og noko deponiområde D3 i aust mot vegen. Det er skogsområde her i dag. Det renn ein bekk (våtmarksområde) her ned mot Hopevatnet. Kommuneplanen som er på høyring er i stor grad samanfallande med merknaden, men dei ynskjer næringsarealet noko større (breiare). Sakshandsamar meiner at om me tek omsyn til merknaden vil det vera ein uheldige påverknad for tema i KU vurderingane som landskap, friluftsliv, naturmangfald, landbruk, helse, kulturminne og kulturmiljø, risiko og sårbarhet, miljø og klima, born og unge, strandsone og samfunnsmessige høve. Område D3 skal verta varig landbruksområde etter at jordeponiet er avslutta, dette er det naturleg å gjera gjennom ein reguleringsplanprosess i samband med opparbeiding av næringsområda omkring, også det som ligg på eigedomen til gbnr. 130/3. Det er viktig å ha område i nærleiken av utbyggingsområde som kan ta i mot massar frå næringsområda N40, N41 og N42 som ligg her. Også av omsyn til bekk, våtmarksområde og Hopevatnet og det at det er viktig å ta vare på ein naturleg buffer mot fylkesveg 57 og næringsområda her så synes sakshandsamar at merknadsforslaget ikkje er ein fornuftig arealbruk. Viktige omsyn er teke i høyringsutkastet. Sakshandsamar meiner difor at det ikkje er naturleg å ta merknaden til etterretning. Det er negative konsekvensar for vassdrag og buffer mot Fv. 57 med eit større næringsområde mot aust. Samfunnet treng også areal til å ta imot reine torv- og jordmassar frå næringsområda. Deponiområdet D3 kan byggjast opp som eit godt landbruksareal.

**Konklusjon:** I samband med kommuneplanprosessen endrar me ikkje kommuneplankartet til Næringsformål i dette Deponiområdet.

## Merknad:

Dato 08.09.2016

**28. Morten Ragnvaldsen.** Han skriv på vegne av eigar av gbnr. 137/7 forslag på at: «I november 2015 kjøpte vi gbr. 137/7. Vi ønsker å bygge gården opp igjen og utvikle den som en gård.

Da det er mye å sette seg inn i har vi desverre ikkje fått med oss før i skrivende stund at det er et område på gården som i planen står som hyttefelt og at denne planen har vert på høring og høringsfristen er gått ut for denne. Vi ønsker å få gjort dette området om til LNF område. Da vi føler at det er slik vi kan ta best mulig vare på gården og tilrettelegge den for almmenheten med tenke på den unike naturen som er der og til driften av gården. Håper dette er mulig å få til før kommunen endelig vedtar plan for dette ommrådet.» Ragnvaldsen vil altså ha H14 (Fritidsbustad (F) ut av plankartet og ha dette som LNF-område. Her er det plankrav før ny utbygging kan skje.

Høringskart:

Større utsnitt av høringskart:



Innspel (H14 ut og tilbakeført til LNF-område)



Grunnkart

Fotokart






## Vurdering:

På høyringskartet er det om lag 14 dekar store området avsett til H14. Det er to hytter i området her i dag. Kommuneplanen som er på høyring har vidareført eksisterande kommuneplan som vart godkjent i 2007 her. Det vil vera ein positiv påverknad for tema i KU vurderingane som landskap, friluftsliv, naturmangfald, landbruk, helse, kulturminne og kulturmiljø, risiko og sårbarhet, miljø og klima, born og unge, strandsone og samfunnsmessige høve om me tek omsyn til merknaden. I område H14 er det krav om reguleringsplan i samband med planar om nye tiltak/bygging i området, arealet ligg i hovudsak på eigedom gbnr. 137/7. Av omsyn til dei to hytteeigarane i området og rettstryggleiken deira så synes sakshandsamar at me ikkje kan ta heilt omsyn til merknadsforslaget. Det er mellom anna ikkje fornuftig her å tilbakeføra dei to hytteeigedommane til LNF-område, det er betre å stilla krav om reguleringsplan for deler av området, og då kan ein regulera både til jordbruk, friluftsliv og hytteområde det arealet samfunnet meiner er den mest fornuftige arealbruken i H14. Sakshandsamar synes det er naturleg å ta delvis merknaden til etterretning og Austrheim kommune bør reduserer H14 arealet på austsida til LNF-område.

**Kartet som vert avsett til Hytteområde H14 kan sjå om lag slik om markeringa viser:**



**Konklusjon:** I samband med kommuneplanprosessen reduserer me H14 området på kommuneplankartet på Njøta i den austlege delen av dette området. Det vert no LNF-område.


## Merknad

**Dato 05.09.2016**


**29.Fiskarlaget Vest.** Fiskarlaget ser positivt på at kommunen har teke inn ein del av kaste- og låssettingsplassane frå Fiskeridirektoratet si nettside, desse var ikkje med i førre plan. Dei skriv at følgjande 12 kaste- og låssettingsplassane som dei nemner opp i sitt merknadsskriv må inn i kommuneplanen sin arealdel. Dei har lagt ved kart som viser kva dei meiner er viktig å leggja inn i

plankartet av låssettingsplassar og kasteplassar. Her er karta som viser korleis dei har merka av plassane som dei manglar på høyringskartet til Austrheim kommune.


Kart 1



Kart 2



Kart 3



Kart 4



Kart 5




Kart 6




Kart 7



Kart 8



Kart 9



Fiskarlaget Vest ynskjer ikkje oppdrett eller ankring/fortøyningar i fiskeområda og rekefelta i Hoplandsosjen og Børildosen. Dei er skeptiske til å ha oppdrett nær rekefelt og hummarområde. Avlusingsmiddel øydelegg for skalldyra i sjøen. Gytefeltet i Hoplandsosjen må og vera avmerka som rekefelt/fiskefelt. Område for passivt fiskereiskap nordaust for Storestonga og vest for Skagøyna, Brimsøyna og Sauøya må inn og registrerast som område for fiske i kommuneplanen. Dette er no NFR område. Det må vera lov å fiska i område for ferdsel på lik linje med ankringsområde og i farlei om det kan gjerast utan vesentleg ulempe for ferdsel. Fiskarlaget føreset at gyteområde vert verna i høve tiltak som kan hindra gyting og fiske i området. Fiskarlaget føreset og at fiske kan føregå innafør

NFF-område Fiskarlaget vest forutset at fiskeriinteressene vert godt iveretek i den vidare planprosessen.

### **Vurdering:**

Det er ingen vesentleg påverknad for tema i KU vurderingane under tema landbruk, helse, kulturminne og kulturmiljø, risiko og sårbarhet, miljø og klima, born og unge, strandsone og samfunnsmessige høve om ein tek viktige omsyn til merknaden til Fiskarlaget Vest. Det er heller ingen vesentleg ulempe for landskap, friluftsliv, naturmangfald og miljø sidan arealbruken stor sett vert uendra her. Fiske er vanlegvis positivt for andre brukarinteresse i sjø. Austrheim kommune vil vurdera føresegner der det er naturleg å ivareta fiskeinteressene i kommunen. Austrheim kommune tek med seg kaste- og låsettingsplassane inn i kommuneplan sin arealdel der desse ikkje kjem i konflikt med anna arealbruk, eller der arealformålet i dag alt tek omsyn til denne bruken sjølv om det er avsett til noko anna i planen.

Kart 1: Austrheim kommune legg inn KL-område her som Fiskarlaget ber om.

Kart 2: Austrheim kommune legg inn KL-område her som Fiskarlaget ber om.

Kart 3: Austrheim kommune legg inn KL-område her som Fiskarlaget ber om.

Kart 4: Austrheim kommune legg inn KL her som Fiskarlaget ber om.

Kart 5: Austrheim kommune legg inn KL her som Fiskarlaget ber om.

Kart 6: Austrheim kommune legg ikkje inn KL-område her som Fiskarlaget ber om (områderegulert).

Kart 7: Austrheim kommune legg inn KL-område ved Stavsundholmen (Toftegård) som Fiskarlaget ber om. Austrheim kommune legg ikkje inn KL-område ved Åråsfeltet i vest i Åråsvågen. Her er det sett av SH og Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone.

Kart 8: Austrheim kommune legg ikkje inn KL-område her som Fiskarlaget ber om. Dette er NF-område. Føresegn vil fanga opp denne bruken og ivareta fiskeriinteressene her.

Kart 9: Austrheim kommune legg inn KL-område her som Fiskarlaget ber om.

**Konklusjon:** Arealdelen til kommuneplanen vert endra ved Øksneset og Allersholmen i området avsett frå «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone» til Akvakulturområde. Sjå merknadshandsaming av Hordaland Fylkeskommune sin offentleg merknad nr. 3. Elles tek Austrheim kommune merknadar til etterretning der det er naturleg og viktig i forhold til fiskeriinteresser. I kommuneplankartet legg me inn Kaste- og låsettingsplassane KL-område slik Fiskarlaget Vest ynskjer det, og der det ikkje kjem i strid med anna arealbruk, eller der dette ikkje er naudsynt fordi arealformålet alt ivaretek desse omsyna/bruken.



# Offentlege merknadar:

## Merknad:

**Dato 29.04.2016**

### **1. Bergen og Omland Hamnevesen.**

Dei har ingen merknad til kommuneplanen sin arealdel.

**Vurdering:** Det er positivt av BOH har ingen merknad.

**Konklusjon:** Austrheim kommune tek merknaden til orientering.

## Merknad:

**Dato 05.07.2016**

**2. Kystverket Vest.** Kystverket Vest har i tidlegare fråsegn til oppstart av planarbeidet og oppstart av planprogram påpeika at det er viktig at kommunen gjer greie for sjøtransporten i planarbeidet. Særleg skulle hovud- og bileier takast inn i plankartet som linjesymbol og vidare ta omsyn til arealbehovet knyta til leiene. I kommuneplanen er farleiene tekne inn samt lagt inn areal for ferdsle. Det er også ankringsområdet "Fonnes" nordvest for Mongstad. Kystverket har ingen vidare merknader til kommuneplanen eller arealdelen.

**Vurdering:** Det er positivt av Kystverket Vest er nøgd med kommuneplanen sin arealdel.

**Konklusjon:** Austrheim kommune tek merknaden til orientering.

## **Merknad:**

**Dato 14.06.2016**

### **3.Hordaland fylkeskommune.**

#### **Merknad til føresegner:**

-Dei ber om at me synleggjer i føresegn kor mange bustadar me kan tillata i LNF-SB/SBN områda i planperioden.

-Det bør takast inn ei føresegn som sikrar utlegging av fortøyningar i område for ferdsel i Hoplandsosen.

-Føresegn når det gjeld kulturminneomsyn må endrast slik fylkeskommunen ber om. Det er knytt motsegn her. Det vert trekt om dette vert teke med i den endelege godkjenninga av kommuneplanen.

#### **Merknad til plankart:**

-Dei ber om at senterstruktur med senterutstrekning vert fastsett i kommuneplanen.

-Uheldig med bustadbygging på Vardetangen (B40), Ervikane (B42) og Utkilen (SB1). Dei ber om at kommune tek desse ut av plankartet.

-Arealvurderingar bør gjerast for skjellsandområde og at dei vert vist på plankartet.

-Akvakultur. Dei har motsegn til akvakulturanlegget på Øksneset og Allersholmen. Dei må få tilstrekkeleg areal og tilpassast faktisk plassering. Allersholmen må inn at på kommuneplankartet.

#### **Merknad til plandokumenter:**

-Senterstruktur med senterutstrekning må fastsetjast i kommuneplanen.

#### **Vurdering:**

Det er ingen vesentleg påverknad for tema i KU vurderingane under tema landbruk, helse, kulturminne og kulturmiljø, risiko og sårbarhet, miljø og klima, born og unge, strandsone og samfunnsmessige høve om ein tek omsyn til motsegna i merknadane til Fylkeskommunen. Det er heller ingen vesentleg ulempe for landskap, friluftsliv, naturmangfald og miljø sidan arealbruken vert uendra her når det gjeld å plassera dei fysiske plasserte akvakulturanlegga på plankartet slik dei er i dag. Det er positivt med akvakulturnæring der det er i dag i Austrheim kommune, det skapar og regionale arbeidsplassar. Sakshandsamarar ser at det er negative konsekvensar å ta inn at

akvakulturområdet ved Allersholmen med omsyn til miljø, friluftsliv og fiske i området. Når sakshandsamar les marknaden og grunngjevinga frå fylkeskommunen når det gjeld motsegna så synes me, til tross for miljøulempene i sjøområdet her det er naturleg å ta merknaden til etterretning. Då får kommunen og denne motsegna bort frå dette området. Kommuneplanen sin arealdel som var på offentleg ettersyn bør det difor endrast på her når det gjeld akvakulturanlegga ved Allersholmen og Øksnes (Børildosen). Dette i samsvar med merknad frå fylkeskommunen.

Sakshandsamar meiner klart ut frå vår kunnskap om bruk av Hoplandsosen at det ikkje er naturleg å endra føresegn om ilar/fortøyningar i Hoplandsosen. Dette er ikkje fagleg grunngjeve frå fylkeskommunen si side på nokon måte. Sakshandsamar meiner at Austrheim kommune kan ikkje som ein ansvarleg kystkommune tillata slike endringsforslag frå fylkeskommunen her utan vidare der det i dag pågår reketraling, garn- og linefiske og ferdsel med ulike typar skip og båtar heile året. Sakshandsamar vil visa til merknaden frå Fiskarlaget vest her når det gjeld bruken av dette området og kva dei meiner om fortøyningar/ilar/ankring og akvakultur her.

Sakshandsamar synes heller det ikkje er naturleg å følgja råda frå fylkeskommunen med å ta ut område for bustadbygging på Vardetangen (B40), Ervikane (B42) og Utkilen (SB1). Senterstruktur med senterutstrekning vert no fastsett i kommuneplanen sin arealdel. Austrheim kommune vil og synleggjera i føresegn kor mange bustadar me kan tillata i LNF-SB/SBN områda i planperioden.

**Konklusjon:** Arealdelen til kommuneplanen vert endra ved Øksneset og Allersholmen i området avsett frå «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone» til Akvakulturområde AK. Elles vert føresegn om kulturminne endra slik fylkeskommunen ber om, og område for senterstruktur nærare bestemt på arealplankartet. Austrheim kommune vil synleggjera i føresegn kor mange bustadar me kan tillata i LNF-SB/SBN områda i planperioden. Merknaden vert elles teke til orientering.

## **Merknad:**

**Dato 27.06.2016**

### **4.Fiskeridirektoratet.**

#### **Merknad til føresegner:**

I planføresegna til ferdsel og farlei må det eintydig fram at fiske kan gå føre seg til utan hinder og risiko for sjøtrafikk i hovud- og bilei.

#### **Merknad til plankart:**

-Dei ber om at fiske vert teke med i kombinasjon med ferdsel for å sikra areal til fiske i sjøområda.

-Fiskeridirektoratet skal medvirke til at kommunen set av tilstrekkelig areal for havbruksnæringa bla. ved å sikre framtidig drift og utvikling ved etablerte lokaliteter. Dei oppmodar difor kommunen om å sette av tilstrekkelig areal for akvakultur ikring lokalitet 11756 Allersholmen som sikrer drifta i dag og i framtida.



## **Vurdering:**

Det er ingen vesentleg påverknad for tema i KU vurderingane under tema landbruk, helse, kulturminne og kulturmiljø, risiko og sårbarhet, miljø og klima, born og unge, strandsone og samfunnsmessige høve om ein tek omsyn til merknadane til Fiskeridirektoratet. Sakshandsamar meiner det er negative konsekvensar å ta inn at akvakulturområdet ved Allersholmen med omsyn til miljø, friluftsliv og fiske i området. Det er difor ei vesentleg ulempe for arealbruken å endra kommuneplanen her, men sidan det fysisk alt er plasserte eit i dag tomt akvakulturanlegga her kan sakshandsamar godta å ta inn at Akvakulturområde AK på plankartet her. Når me les merknaden og grunngjevinga elles frå Fiskeridirektoratet, så synes me det difor er naturleg å ta merknaden til etterretning. Kommuneplanen sin arealdel som var på offentleg ettersyn bør endrast her når det gjeld akvakulturanlegget på Allersholmen.

**Konklusjon:** Arealdelen til kommuneplanen vert endra ved Allersholmen i området avsett frå «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone» til Akvakulturområde AK.

## **Merknad:**

**Dato 01.07.2016**

**5.Statens vegvesen, Region vest.** Statens vegvesen har merknader til trafikktryggleik, spreidd utbygging i LNF-områda og til føresegnene. Dei synes det er positivt at det er definert at kollektivknutepunktet skal ligge i sentrum. Dei skulle gjerne sett at KU'en hadde eit punkt som gjaldt forholdet til vegnettet. Statens vegvesen rår til at det vert knytt rekkefølgekrev til reguleringsplanar for å sikre trygg skuleveg og trygg framkomelegheit for mjuke trafikantar. Det må gjelde frå dei regulerte områda til skule og andre tenestetilbod og ikkje berre internt i områda slik føresegna er føreslått. Det er viktig at eventuelt nye LNF-spreidd bustad og bustadområde vert nøye vurdert i høve til trafikktryggleik. Det er til dømes ikkje gunstig å ha bustadområde på begge sider av vegen, eller å ha bustad og andre tilbod på kvar si side av vegen. Statens vegvesen meiner elles at Austrheim kommune bør legge inn kvotar for kor mange bustadar og/eller næringsbygg ein ser for seg innanfor områda for spreidd bustad og spreidd næring. Dei har fleire konkrete innspel til nokre SB-område i kartet. Område med spreidd utbygging bør ikkje plasserast nær tettstaden der dei statlege planretningslinjene legg opp til konsentrert utbygging.

Statens vegvesen skriv at det er positivt at kommunen har tatt ut større næringsområde i gjeldande kommuneplan, og i staden har plassert nokre nye område i tilknytning til næringsområdet på Mongstad.

## **Merknad til føresegner:**

Det må komme tydeligare fram at det er plankrav for utbygging. Det kan til dømes stå at Statens vegvesen skal behandle søknader om dispensasjon frå byggjegrænse mot veg og søknader om endra bruk av avkøyrsløse etter veglova i saker som ligg i uregulerte byggeområde eller LNF-spreidd område. Det er viktig at for bygging ved, eller i tilknytning til fylkesvegen er det Statens vegvesen sine vegnormalar som gjeld. Dette må koma fram i føresegnene. Kommunen kan vise til at Rammeplan for avkøyrsløse og byggjegrænser på riks- og fylkesvegar i Region vest skal leggast til grunn for vurdering av saker som gjeld byggjegrænse mot veg. Kommunen kan,

gjennom å velje formulering av føresegna, om kommunen sjølv eller Statens vegvesen skal behandle søknader om dispensasjon frå byggjegrænse. Det kan presiserast at støysonene i kartet er basert på varslingskart, og at ved utbygging må det gjerast støyvurderingar i samsvar med støyretningslinja T1442.

### **Vurdering:**

Det er ingen uheldig påverknad for tema i KU vurderingane under tema landbruk, helse, kulturminne og kulturmiljø, risiko og sårbarhet, miljø og klima, born og unge, strandsone og samfunnsmessige høve om ein tek omsyn til merknadane til Statens. Det er heller ingen ulempe for landskap, friluftsliv, naturmangfald og miljø om ein tek omsyn til merknaden til Statens vegvesen. Når me les marknaden og grunngevinga i den, så synes me det er naturleg å ta merknaden til etterretning. Sakshandsamar meiner at kommuneplanen si føresegn som var på offentleg ettersyn bør endrast i samsvar med dette. Det er positivt å endra føresegn i tråd med merknad og det er ingen negative konsekvensar å ta inn merknaden frå vegvesenet i kommuneplanen til Austrheim kommune.

**Konklusjon:** Føresegn til kommuneplanen i Austrheim vert endra slik Statens vegvesen ber om.

### **Merknad:**

**Dato 02.09.2016**

#### **6.Fylkesmannen i Hordaland.**

Fylkesmannen meiner at planskildringa i vesentleg grad manglar informasjon om hovudinnhald og verknad av planen.

Konsekvensutgreiinga bør innehalde ei innleiing der metoden for konsekvensutgreiinga og ROS-analysen vert presentert. Akseptkriteria som er nytta i ROS-analysen er fastsett av kommunestyret i sak KS-059/13 datert 22.05.2013. Desse må leggast inn i konsekvensutgreiinga slik at alle kan sjå kva akseptkriteria som er lagt til grunn.

Fylkesmannen har i sitt merknadsskriv teke med manglar som må rettast opp før dei kan ta endeleg stilling til og vurdere verknadane av kommuneplanen. Dei ser difor ikkje trong for å vurdere å fremje motsegn til planen no. Av særskilt viktige punkt som Fylkesmannen vil at Austrheim kommune skal rette opp, nemner dei følgjande konklusjonar frå dialogmøtet den 17.08.2016 ved Statens hus:

- Planskildringa må utfyllast og forankrast i ei tydeleg konsekvensutgreiing og ei områdevis og samla vurdering. Endringane må innehalda ei konkret oversikt. Det må kome klart fram i sakspapira kva som er føreslegne endringar og desse må vere i samsvar med kart og føresegner.
- Område som vert opna for naustbygging må visast korrekt og eintydig i plankartet.
- Det må etablerast byggegrenser, fortrinnsvis forankra i ei funksjonell strandsonevurdering, gjennomgåande i områda som er vist for spreidd utbygging.
- I område som er sett av til spreidd utbygging, må lova sitt krav til å fastsetje omfang og lokalisering oppfyllast, slik at verknaden av planen kan vurderast.
- Når det ligg føre eit revidert framlegg, vil planen bli lagt ut til nytt offentleg ettersyn.

Fylkesmannen står elles til rådvelde for vidare drøftingar under vegs, dersom kommunen ønskjer det.

**Vurdering:**

Det er ingen uheldig påverknad for tema i KU vurderingane under tema landbruk, helse, kulturminne og kulturmiljø, risiko og sårbarhet, miljø og klima, born og unge, strandsone og samfunnsmessige høve om ein tek omsyn til merknadane til Fylkesmannen i Hordaland. Det er heller ingen ulempe for landskap, friluftsliv, naturmangfald og miljø om ein tek omsyn til merknaden til Fylkesmannen i Hordaland. Når sakshandsamar les merknaden og grunngjevinga i den så synes me det er naturleg å ta merknaden til etterretning. Kommuneplanen si føresegn, plankart og planskildring som var på offentleg ettersyn bør endrast i samsvar med innspela frå Fylkesmannen i Hordaland. I område som er sett av til spreidd utbygging, må lova sitt krav til å fastsetje omfang av bustadar og lokalisering oppfyllest slik at verknaden av planen kan vurderast. Sakshandsamar vil peike på dialogmøtet der det var semje om at kommuneplanen vert sendt ut til andre gongs offentleg ettersyn når det som står i merknaden til Fylkesmannen er følgd opp.

**Konklusjon:** Merknadar til kommuneplanen vert teke til etterretning slik Fylkesmannen i Hordaland ber om. Kommuneplanen vert sendt ut til andre gongs offentleg ettersyn når det er følgd opp.



## Oversikt på konklusjonane frå merknadshandsaminga:

Merknadene har ført til justeringar i planen, og konklusjonane og endringane kan listast opp i kronologisk rekkefølge slik:

### Private merknadar:

- 1. Eva Beate Langøy.** Konklusjon: Det vert sett av eit mindre Naustområde på land og Småbåthamn i sjø på Sevrøy aust i arealdelen til kommuneplanen.
- 2. Atle Børsheim.** Konklusjon: Det vert sett av eit mindre Naustområde med felles Småbåthamn og slipp her i arealdelen til kommuneplanen.
- 3. Blom Fiskeoppdrett AS.** Konklusjon: Det vert sett av eit AK område i arealdelen ved Allersholmen i kommuneplanen i samsvar med omsøkt område.
- 4. Trond Ove Lerøy.** Konklusjon: På Lerøy vert arealdelen til kommuneplanen uendra i dette LNF-området.
- 5. Geir Daae m.fl.** Konklusjon: Arealdelen til kommuneplanen vert endra i dette området på Toftogård frå LNF-område til Naustområde slik at det vert plass til maksimum fem nye naust her.
- 6. Kjell Dahle.** Konklusjon: Arealdelen til kommuneplanen vert endra i dette området i Mastrevik frå LNF-området til Friområde. Detaljreguleringsplan skal lagast her, det er med i forslag til planstrategien til Austrheim kommune.
- 7. Kari og Terje Utkilen.** Konklusjon: Arealdelen til kommuneplanen vert endra i dette området på Utkilen frå Friluftsområde i sjø til Småbåthamn. Den funksjonelle strandsona vert utvida noko rundt vika her.
- 8. Stein Tvedt.** Konklusjon: Arealdelen til kommuneplanen vert endra i dette området på Bergsvik frå SB 17 til Naustområde og i sjø til Småbåthamn slik innspelet på kart viser. Den funksjonelle strandsona vert utvida rundt vika.
- 9. Mikal Krossøy.** Konklusjon: Arealdelen til kommuneplanen vert endra i dette området på Krossøy frå LNF til Småbåthamn og Naustområde. Den funksjonelle strandsona vert utvida rundt vika her.
- 10. Astrid og Bernhard Austrheim.** Konklusjon: Arealdelen til kommuneplanen vert endra i dette området i Austrheimsvågen frå LNF til Naustområde. Den funksjonelle strandsona vert utvida rundt vika her.

- 11. Norvald Rikstad.** Konklusjon: Arealdelen til kommuneplanen vert endra i dette området i Austrheimsvågen frå LNF til Naustområde. Den funksjonelle strandsona vert utvida rundt vika her.
- 12. Odd Haugen.** Konklusjon: Arealdelen til kommuneplanen vert ved Toftegård endra i dette området frå LNF-område til Bustadområde.
- 13. Odd Haugen.** Konklusjon: Arealdelen til kommuneplanen vert ikkje endra i dette området i Øksnesmarka frå LNF-område med omsynsone (bevaring naturområde) til Næringsområde.
- 14. Terje Stevnebø.** Konklusjon: Arealdelen til kommuneplanen vert ikkje endra i dette området på Kalven ved Njøta frå LNF-område til område for Naust, Småbåthamn og flytebyggjer.
- 15. Marit Hatlem.** Konklusjon: Kommuneplanen sin planskildring som var på offentleg ettersyn bør endrast her Njøta slik dei ber om i merknaden sin.
- 16. Aksel Hatlem.** Konklusjon: Arealdelen til kommuneplanen er SBN2-område på Njøta ( LNFR-areal med spreidd bustadbygging og spreidd næring). Dette vert ikkje endra til LNF-område.
- 17. Per Lerøy.** Konklusjon: Arealdelen til kommuneplanen vert ikkje endra i dette området i Leirvågen frå Næringsområde, Småbåthamn og Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsona til område for o\_Hamn (K – Kai).
- 18. Per Lerøy.** Konklusjon: Arealdelen til kommuneplanen i Øksnesmarka vert ikkje endra i dette området frå LNF-område med omsynsone (bevaring naturområde) til Næringsområde.
- 19. Siv Marit Saue og Bård Bolstad.** Konklusjon: Arealdelen til kommuneplanen i Klauvholmen i Lauvøystraumen vert ikkje endra i dette LNF-området til Fritidsbusetnad.
- 20. Lingalaks AS.** Konklusjon: Arealdelen til kommuneplanen vert ikkje endra i dette sjøområdet i Hoplandsosen, det vert ikkje sett av eit område for Akvakultur (AK) i arealdelen til kommuneplanen her.
- 21. Trond Kaland.** Konklusjon: Arealdelen til kommuneplanen vert ikkje endra i dette regulerte området på Kaland i samband med kommuneplanarbeidet. Her må det planendring til for å endra reguleringsplanen i området.
- 22. Kobbevik og Furuholmen Oppdrett AS.** Konklusjon: Det vert sett av eit område for Akvakultur (AK) i arealdelen til kommuneplanen her på område som er merka grønt (kart 2 på vedlegg / areal skravert grønt) Børildosen og som på høringskartet var sett av til Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsona.
- 23. Walther Kaland.** Konklusjon: I samband med kommuneplanprosessen endrar me ikkje kommuneplankartet i dette området på Kaland til Bustadområde, men innspelet til Walter Kaland vil me ta med oss i planarbeidet når Austrheim kommune skal detaljregulera skule- og

barnehageområdet. Då er det naturleg å regulera inn bustadar i dette området der dette er formålstenleg og ikkje kjem i konflikt med andre brukarinteresser.

- 24. Atle Utkilen.** Konklusjon: I samband med kommuneplanprosessen endrar Austrheim kommune ikkje kommuneplankartet i dette området på Utkilen etter offentleg ettersyn, men innspelet til Atle Utkilen når det gjeld føresegner og spørsmålet om talet på bustadar i spreidde område vil me ta med oss når kommunen skal drøfta dette i planprosessen vidare.
- 25. Cecilie Fonnes.** Konklusjon: I samband med kommuneplanprosessen endrar me ikkje kommuneplankartet i dette LNF-området i Budalen til LNF område med spreidd bustadutbygging.
- 26. Naturvernforbundet.** Konklusjon: I samband med kommuneplanprosessen tek me ikkje merknaden til Naturvernforbundet til etterretning når det gjeld forslag til arealendringar. Konklusjon: I samband med kommuneplanprosessen set me av eit AK område i arealdelen til kommuneplanen ved Allersholmen. Dette på grunn av merknaden frå fylkeskommunen.
- 27. Kai Arild Kaland.** Konklusjon: I samband med kommuneplanprosessen endrar me ikkje kommuneplankartet til næringsføremål i dette Deponiområdet langs Fv. 57 på Kaland.
- 28. Morten Ragnvaldsen.** Konklusjon: I samband med kommuneplanprosessen reduserer me H14 området på kommuneplankartet i den austlege delen av dette området på Njøta. Det vert no LNF-område.
- 29. Fiskarlaget Vest.** Arealdelen til kommuneplanen vert endra ved Øksneset og Allersholmen i området avsett frå «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone» til akvakulturområde. Sjå merknadshandsaming av Hordaland Fylkeskommune sin merknad. Elles tek Austrheim kommune merknadar til etterretning der det er naturleg og viktig i forhold til fiskeriinteresser. I kommuneplankart legg me inn kaste- og låssettingsplassane KL-område slik Fiskarlaget Vest ynskjer det og der det ikkje kjem i strid med anna arealbruk, eller der dette ikkje er naudsynt fordi arealformålet alt ivaretek desse omsyna/bruken.

## Offentlege merknadar:

**1. Bergen og Omland Hamnevesen.** Konklusjon: Austrheim kommune tek merknaden til orientering.

**2. Kystverket Vest.** Konklusjon: Austrheim kommune tek merknaden til orientering.

**3. Hordaland Fylkeskommune.** Konklusjon: Arealdelen til kommuneplanen vert endra ved Øksneset og Allersholmen i området avsett frå «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone» til akvakulturområde. Elles vert føresegn om kulturminne endra slik fylkeskommunen ber om, og område for senterstruktur nærare bestemt på arealplankartet. Austrheim kommune vil synleggjera i føresegn kor mange bustadar me kan tillata i LNF-SB/SBN områda i planperioden. Merknaden vert elles teke til orientering.

**4. Fiskeridirektoratet.** Konklusjon: Arealdelen til kommuneplanen vert endra ved Allersholmen i området avsett frå «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone» til Akvakulturområde AK.

**5. Statens vegvesen, Region vest.** Konklusjon: Føresegn til kommuneplanen i Austrheim vert endra slik Statens vegvesen ber om.

**6. Fylkesmannen i Hordaland.** Konklusjon: Merknadar til kommuneplanen vert teke til etterretning slik Fylkesmannen i Hordaland ber om. Kommuneplanen vert sendt ut til andre gongs offentleg ettersyn når det er følgd opp.